

ØKONOMIPLAN

Vanylven kommune | 2022- 2025

med budsjett for 2022

Versjon 2

11.11.2020 Korrekturlest av Dagrund Sandnes

Versjon 1

10.11.2020 Utkast sendt til politisk handsaminga

Redaksjon: kommunedirektør Andreas Christian Nørve

OVERSIKT

Innleiing	Kommunedirektør	4
Sektorane	Folkevalde	5
	Stab	6
	Teknisk	8
	Helse og omsorg	10
	Kultur og oppvekst	12
Økonomi	Driftsbudsjettet	14
	- fordelt på sektorane	15
	Tekstforklaringar, drift	16
	Investeringar	21
	Tekstforklaringar, investering	23
	Finansielle måltal	31
Organisasjon	Organisasjonskart	32
Omland	Folketalsutvikling	32
	Sysselsetting	33
	Arbeid og næring	34
	Inn- og utpendling	35
Fagområde og avdelingane		36
Merknadar frå råd og utval		44
Ordforklaring		45

MÅLSTYRING

- dårlegare enn målsett
- inga endring
- oppnådd mål

FAKTATAL

- Analyse og overordna utviklingstrekk
- Økonomi
- Målstyring

KOMMUNEDIREKTØR

Kommunestyret gjorde vedtak (14/2019) om fylgjande gjennomgåande mål for organisasjonen for 2019:

«Vanylven kommune skal søkje meistring på alle plan, gjennom: god økonomistyring og budsjett disiplin, god kvalitet i tenesteproduksjonen og fornøgde brukarar, fornøgde tilsette i gode arbeidsmiljø, opne lokalsamfunn og trygge innbyggjarar. Gjennom slikt fokus skaper Vanylven kommune eit godt omdømme.»

	2021	2022	2023	2024	2025
Folketalsutvikling pr 1.1	3 053	3 032	3 014	3 005	2 982
Tal på tilsette i årsverk	291,80	285,57	285,57	285,57	285,57
Til fordeling (i mill kr)	236 218	233 953	228 165	229 067	224 551
Mål	mål	res.			
Netto driftsresultat	1,75 %	0,0 %	0,5 %	1,75 %	1,75 %
Netto lånegjeld	70 %	70 %	70 %	70 %	70 %
Disposisjonsfond	7 %	7 %	7 %	7 %	7 %
Kvalitet i tenestene*	159.	120.	90.	90.	90.
Korleis arbeider vi*	500	-	500	-	-
Innbyggjarundersøkinga	3,9	-	4,5	-	4,5
Sjukefråvær	10,4 %	8,5 %	7,5 %	6,5 %	6,0 %

* "Kvalitet i tenestene" vert målt i Kommunebarometeret, der 1 er best er 428 er dårlegast. "Korleis arbeider vi" vert vurdert etter poeng i Kommunekompasset, der 800 er maks skår. Sjå ordliste side 40.

Vanylven kommune vil på grunn av reduksjon i folketalet få lågare overføringar frå staten, og dette må vi handtere samtidig som vi må utvikle kommunen og våre tenester i samsvar med dei statlege føringane.

Kommunedirektøren vil peike på at kommunen bør prioritere følgjande dei neste fire åra, dersom vi skal klare omstillinga som kjem:

- Skape bustads- og næringsattraktivitet
- Byggje drifta rundt berekraftsmåla til FN
- Budsjettering mot kommunen sine økonomiske måltal
- Ny kommuneorganisasjon med matriseorganisering
- Kompetansekartlegging med kompetansetiltak

Administrasjonen har lagt fram eit budsjett i balanse, som i hovudsak byggjer på tiltaka som var vedteke i budsjettet i fjor – og som no gir effekt for budsjettåret 2022.

Kommunedirektøren trur at dette også er noko vi må sjå på framover og leggje til grunn at tiltak som skal gi effekt i budsjettet, må starte opp minst eitt år før vi kan sjå effekt av tiltaket.

Dersom vi skaper høg bustad- og næringsattraktivitet, så vil folketalet i 2040 vere 2 730, der vi får nær ei dobling av tal eldre (over 80 år) frå 244 i 2021 til 450 i 2040. Medan barnetalet (0-15 år) vil vere 410 i 2021 og 390 i 2040. Med bakgrunn i dette må vi skape eit aldersvenleg lokalsamfunn i samarbeid med dei frivillige – og auke innsatsen her, samtidig som vi må etablere eit godt og stabilt tilbod til våre barn og unge.

Kommunen må truleg arbeide tett mot både frivillige og næringslivet for å auke attraktiviteten for vårt lokalsamfunn og dette er eit arbeid som må prioriterast i 2022. Dette er nødvendig dersom vi skal klare å yte tenestene samtidig som kommunen skal vere berekraftig samfunn.

Kommunedirektøren vil peike på at vi må vere nytenkande knytt til organisering, samt at vi må sikre at vi har den nødvendige kompetansen i kommunen. Dette for å kunne klare omstillinga knytt til endring i demografi samtidig som vi må ha fokus på berekraftsmåla.



Andreas Christian Nørve
kommunedirektør

FOLKEVALDE

Status
2021

Kommunestyre
8 møte/112 saker

Formannskapet
13 møte/155 saker

Driftsutval
7 møte/71 saker

Livsløpsutval
7 møte/37 saker

Rammer for sektoren	2021	2022	2023	2024	2025	2040
Folketalsutvikling	3 053	3 032	3 014	3 005	2 982	2 730
Budsjett	2 895	2 680	2 680	2 680	2 680	n/a

Tiltak innsparingar	2022	2023	2024	2025
Generell innsparing	215 000	215 000	215 000	215 000
Reduksjon på dei fleste driftspostane – samt reduksjon for tidlegare overføring til skuletur for den vidaregåande skulen i Syvde.				

Prosessar for omstilling	2022	2023	2024	2025
Skape bustad- og næringsattraktivitet				
Kommunen har fått utført ei analyse av Telemarksforsking som viser at vi kan få ei utflating av folketalsnedgangen frå – 36 til -9 per år, dersom vi skaper attraktivitet for busetting og etablere næring i kommunen. Ein av mange føresetnader som då må ligge til grunn, er tillit i samfunnet og dette er det difor viktig at kommunen jobbar med dei neste åra.				

Etter at innbyggjarane har fått vere med å påverke; dei ulike avdelingane har vore gjennom krevjande og harde prioriteringsrunder, og etter at alle dei politiske organa har fått kome med innspel, blir budsjettet vedteke 13.12.2021. Økonomiplan 2022-2025 syner korleis vi politisk har vedteke å prioritere dei komande fire åra.

Kommuneøkonomien er stram, og det er krevjande å drifte ein liten kommune med like mange lovpålagde oppgåver som andre har, men med langt færre tilsette.

Vi set pris på god innbyggjarinvolvering, og vonar vi får til både folkemøte og grendalagsmøte no når koronatida går mot slutten. God dialog med innbyggjarane gir oss betre grunnlag for å ta gode politiske avgjerder.

2022 er Frivilligheita sitt år, og med det vonar vi også å få til tettare samarbeid mellom frivillighet, næringsliv og kommune. I ei krevjande tid treng vi å bygge tillit og samhald, for utan tillit klarar vi ikkje å få til vekst. Det blir difor opp til den einskilde av oss å bidra til at vi saman kan skape engasjement for å bygge kommunen vi bur og lever godt i.

Kommunebarometeret

28. 112. 159.
2019 2020 2021

ordfører
Lena Landsverk Sande

varaordfører
Ingebrigt Berget

Status
2021

Brukarundersøkingar
n/a

Medarbeidarundersøking
n/a

Sjukefråvær
10,08 %

Stab yter tenester internt og eksternt og har ei rekke støttefunksjonar for organisasjonen elles, som dokument/arkiv, servicetorg, politisk møtesekretær, personal/løn og økonomi. Kommunedirektøren sitt kontor ligg også til stab. I tillegg driftar stat eit interkommunalt sentralbord for Volda og Ørsta kommunar

Tilbodet til innbyggjarane:

Stab vil i 2022 arbeide med korleis vi på best mogleg måte yter tenester til innbyggjarane våre. Her vil teamet på servicekontoret vere sentralt. Vi ønskjer å sjå på korleis vi organiserer oss for å kunne hjelpe/svare ut innbyggjarane så raskt og presist som mogleg på lavast mogleg nivå. I tillegg vil vi fortsette arbeidet med gode digitale løysingar som innbyggjarane våre kan nytte seg av.

Korleis arbeider vi:

Stab er ei avdeling som har ein todelt funksjon. På den eine sida skal vi vere navet som sikrar god støtte til dei andre sektorane innanfor lønn, personal, økonomi og arkiv. Samtidig skal vi vere tett på kommunedirektøren og sikre at han har den faglege og praktiske støtta som trengs, t.d. innanfor sakshandsaming, kommunikasjon og samhandling. For å sikre begge desse funksjonane på best mogleg måte, vil stab i 2022 konsolidere arbeidet med kompetanseteam. Gjennom dette arbeidet er målsetjinga at vi skal verte meir robuste og mindre

sårbare. Kvart av teama vil ha ein teamleiar som vil ha eit fagansvar for tenestene som vert levert.

Dei tilsette:

Sjukefråværet for stab og organisasjonen sett under eitt i 2021 har vore for høgt, men det har vore ein nedgåande trend mot slutten av året. I 2022 har vi eit mål på eit sjukefråvær på 6 % i stab. Samtidig vil vi gjennom 2022 arbeide med heiltidskultur og vidare med medarbeidarundersøkinga som tiltak for å få sjukefråværet ned. Heiltidskultur vil vi arbeide med i heile organisasjonen.

Økonomi, omstilling og utvikling:

I 2022 er innsparingane i Stab gjennomført gjennom naturlege avgangar. I tillegg vil vi gjennom innføring av eit nytt lønn- og økonomisystem kunne digitalisere og effektivisere arbeidsflyten både i stab og dei andre sektorane i kommunen. Arbeidet med heiltidskultur vil kunne gje ein økonomisk gevinst i høve nedgang i sjukefråværet.

Frode Vik
kst.ass.kommunedirektør

Rammer for sektoren		2021	2022	2023	2043	2025	2040
	Folketalutvikling	3 053	3020	2 984	2 955	2 923	2 730
	Årsverk	13,88	11,32	11,32	11,32	11,32	n/a
	Budsjett	18 002	17 874	17 874	17 874	17874	n/a

Målstyring tenestene		2021		2022	2023	2025	2025	landet
		mål	resultat					
	Sjukefråvær	6,5 %		6 %	6 %	6 %	5 %	
	Medarbeidarundersøking*	n/a		5,1	5,2	5,2		
	Brukarundersøkingar*	n/a		5,0	5,1	5,1		
	Bruk av nettside pr mnd	9 000		9 000	9 000	9 000	9 000	
	Digitale brev, SvarUT	90 %		90 %	95 %	95 %	95 %	
	Faktura EHF**	95 %		95 %	95 %	95 %	95 %	

* skala 1-6 **målet vil aldri bli 100 % då kommunen ynskjer fleksibilitet for lokale leverandørar

Tiltak innsparingar		2022	2023	2024	2025
	Stillingsreduksjon	1 600 000	1 600 000	1 600 000	1 600 000
	<i>Redusere tal på tilsette i sektoren, i lys av digitalisering og endra arbeidsmengde, og som fylgje av redusert innbyggjartal. Skal så langt det er mogleg løyst ved naturleg avgang.</i>				
	Driftsutgifter	200 000	200 000	200 000	200 000
	<i>Redusere generelle kostnader på driftsbudsjettet (kurs, reise, servering, ymse)</i>				

Prosessar for omstilling		2021	2022	2023	2024
	<i>Bærekraftig utvikling av kommunen som organisasjon og som samfunnsaktør, med ei målsetning om at den økonomiske handleevna er ivareteke over tid, og driftsnivået på tenesteproduksjonen gir livskvalitet og forutsigbarheit for innbyggjarane.</i>				
	Kommunalt forvaltningskontor	0	1 900 000	2 000 000	2 000 000
	Kommunen vil etablere eit prosjekt for å vurdere kva oppgåver som kan samlast i eit kommunalt forvaltningskontor, som til dømes vedtak for helse- og omsorgssektoren og for kultur og oppvekst. Dette prosjektet vil starte hausten 2021, og som då vil gi økonomisk effekt i 2023. Ein einsarta forvaltningspraksis vil gi reduserte utgifter.				
	Heiltidskultur	0	1 900 000	2 000 000	3 000 000
	Kommunen starta opp arbeidet med heiltidskultur i 2020, og dette arbeidet vil kommunedirektøren revitalisere og starte opp igjen hausten 2021, og som då vil gi økonomisk effekt i 2023 – mellom anna på at det blir lagt til grunn at sjukefråværet vil bli redusert med eit slikt tiltak.				

sektor TEKNISK

Status
2021

Brukarundersøkingar
n/a

Medarbeidarundersøking
n/a

Sjukefråvær
5,26 %

Vatn, avløp, veg, grøntanlegg, kyrkjegard, hamn og utbygging innanfor desse områda. Byggesakshandsaming, kart- og oppmålingstenester, landbruk og planlegging. Brann, feietenesta og generell kommunal beredskap. Sal av bustad- og industritomter.

TILBODET TIL INNBYGGJARANE

Det er viktig for teknisk sektor å bidra til vidareutvikling i kommunen gjennom legge til rette for bustadbygging, industrialisering og sentrumsutvikling. Budsjettet for 2022 vert sterkt redusert i høve til 2021 utifrå store krav til innsparing framover.

DEI TILSETTE

Teknisk omfattar 15,2 årsverk, 6,3 i administrasjonen, 8,6 i uteavdelinga og 0,3 i brann. Det siste året har teknisk mista ein GIS-ingenør, 50% stilling står vakant. Ein vikar er teke inn for å styrke uteavdelinga grunna sjukmelding.

OMSTILLING OG UTVIKLING

Mindre bemanning over tid har medført større krav til effektiv handsaming og prioritering av arbeidet. Innføring av elektronisk søknadsskjema, høve til innsyn via kommunekart og e-torg på kommunen sin heimeside har gjort brukarane meir sjølvbetente. Dette har igjen gjort at tal førespurnad til teknisk har gått ned. Teknisk har på den måten fått betre tid til sakshandsaming og planlegging. Bruk av nytt avgiftsprogram (komtek) i 2021 har hjulpet teknisk vidare mot ei lettare og meir oversiktleg avgiftshandsaming. Teknisk må også i framtida jakte på ressursparande tiltak

KORLEIS ARBEIDER VI

Plan- og forvaltningsoppgåvene skal løysast med vekt på god service overfor brukarane, og vere korrekt, effektivt innanfor lovfastlagde fristar.

ØKONOMI


Mindre rammer grunna folkenedgang og prisheving på varer og tenester medfører strammare økonomi i kommunen. Det vert derfor viktig for teknisk i framtida å balansere ressursar i høve til oppgåver, samt vekte/prioritere i større og større grad lovpålagde oppgåver.

Kommunen må i framtida sjå på endå større samarbeidsflater med nabokommunane (7-stjerna), som vil gjere tenestane rimelegare. Det vert samstundes viktig å evaluere eksisterande strukturar og samarbeid, for å gjere økonomien i gode tenester endå betre.

STORE INVESTERINGAR FRAMOVER

Tilbodsinnhenting for ny skulefløy og gymsal ved Fiskå skule samt bygging, vil verte prioritert i 2022. Rehabilitering av fasade ved Åheim skule, og utskifting av vindauge er også større byggeprosjekt som skal prioriterast dette året. Vassanlegg i Syltefjorden vert henta inn tilbud på så snart grunnspørsmåla er ordna. Prosjektet vert ferdigstilt same året. Rehabilitering av vassleidning forbi St. Jetmund vert ferdigstilt i 2022. Innanfor avløp vil rehabilitering og separasjon av kloakk i Lendalen bli prioritert. Ved brannstasjonen skal det oppførast nytt bygg.

Feiing i kommunen vert uført av de som får anbodet, etter ei anbodsinnhenting i 2022. Etablering av digitale vassmålarar på kommunevassanlegg vert vidareført for raskare å kartlegge vasstraum og vasslekkasje.



Helge Kleppe
kommunalsjef teknisk

Rammer for sektoren		2021	2022	2023	2024	2025	2040
	Folketalsutvikling, 20- 66 år	1 710	1 671	1 634	1 618	1 605	1 264
	Årsverk	17,0	15,1	14,7	14,7	14,7	n/a
	Budsjett	25 916	25 548	25 528	25 548	25 548	n/a

Målstyring tenestene		2021		2022	2023	2024	2025	landet
		mål	resultat					
	Sjukefråvær	5 %		5 %	5 %	5 %	5 %	n/a
	Medarbeidarundersøking*	5,0		5,0	5,0	5,0	5,0	n/a
	Vedlikehald veg, reponstid rep.	5 dg		5 dagar	5 dagar	5 dagar	5 dagar	n/a
	Vedlikehald bygg, reduksjon	- 5 %		- 5 %	- 5 %	- 5 %	- 5 %	n/a

* skala 1-6

Tiltak innsparingar		2021	2022	2023	2024
	Auka avgift for plan/byggehandsaming	250 000	250 000	250 000	250 000
	<i>Avgifta for sjølvkostområde plan/byggsakshandsaming blir foreslått auka med 26 %</i>				
	Sal/avhending av kommunale eigedom	100 000	497 000	597 000	597 000
	<i>Driftsinnsparing ved sal av kommunale bygg</i>				
	Reduksjon av asfaltering på drift	880 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
	<i>Det blir berre satt av midlar til asfaltering på investering</i>				
	Reduksjon av grasklipping	128 000	128 000	128 000	128 000
	<i>Det er lagt inn kjøp av fire robotklipparar i investeringsrekneskapen for å redusere driftsutgifter til grasklipping</i>				
	Reduksjon i overføring til Vanylven Utvikling	250 000	250 000	250 000	250 000
	Det blir lagt opp til redusert overføring eller redusert bruk på dette området frå 2022 – etter eigen politisk sak				
	Reduksjon av ingeniørstilling	341 000	341 000	341 000	341 000
	Det blir ikkje lyst ut stilling etter at oppmålingsingeniør slutter i januar 2021, og redusere posten med 50 %				
	Reduksjon av utgifter til kantklipping/kosting	240 000	240 000	240 000	240 000
	Kommunen investerer i utstyr for kantklipping og kosting				

Prosessar for omstilling		2021	2022	2023	2024
	Eigedomsforvaltning				
	<i>Prosjekt med felles reinhaldskorps oppstarta i 2022 og prosjekt med evaluering av vaktmeistertenesta i 2022</i>				

sektor HELSE OG OMSORG

Status
2021

Brukarundersøkingar
n/a

Medarbeidarundersøking
n/a

Sjukefråvær
10,43 %

Administrasjon, legesenter, jordmor, barnevern, Stenbakken Industri, institusjonsbasert omsorg, heimebasert omsorg, døgnbemanna busdtader for funksjonshemma, aktivitetstilbod, folkehelse, psykisk helse, rus, bustadsosialt arbeid, fysioterapi, ergoterapi, NAV og kjøkken.


TILBODET TIL INNBYGGJARANE

Helse- og omsorgssektoren arbeider for at innbyggjarane skal ha kvalitetsmessige gode og tilgjengelege tenester, og at tilbod blir gitt raskt når behov melder seg. Vi har per i dag 57 institusjonsplassar, og vi ligg høgt på tal på institusjonsplassar per innbyggjar over 80 år. Det er derfor foreslått å pause ytterlegare 6 plassar ved omsorgssenteret. Vi meiner dette er mogleg fram til 2024/2025, då vi ser at antall personer over 80 år igjen aukar. Generelt blir det tildelt eit høgt tal tenester i høve til samanliknbare kommunar.

Vi har i 2021 hatt ein gjennomgang av tenestene i Bu- og avlasting, heimebasert omsorg og institusjon. Konklusjonen var at det i bu- og avlastning er samsvar mellom brukarbehova og tenestene som blir ytt. Når det gjeld heimebasert omsorg og institusjon blir det peika på at terskelen for tildeling av tenester her er for lav. Vi vil i starten av 2022 ta ein gjennomgang av tenestene innan psykiatri slik vi har gjort i dei andre tenestene - dette vil gjelde kommunal oppfølgingsteneste, Tynnaknuten, aktivitetssenteret og Stenbakken Industri.

DEI TILSETTE

Vi manglar framleis kvalifisert personell, særskilt sjukepleiarar, vernepleiarar, og helsefagarbeidarar. Rekruttering inn mot desse gruppene vil vere eit kontinuerlig arbeid som også vil bli prioritert i 2022. Vi arbeider med rekruttering av ergoterapeut.



ØKONOMI

I 2021 har vi hatt stort overtidsbruk, og vi har utfordringar inn mot vikartenester. Det har blitt sett inn tiltak for å minimere denne kostnaden ved blant anna tilsetjing i vakante stillingar. Det har også vore eit stort overforbruk grunna behovet for fagkompetanse inn mot dei ressurskrevjande brukarane.

Økonomien i sektoren er også prega av reduserte refusjonar knytt til desse brukarane. Ved gjennomgangen vi har hatt i haust saman med ekstern rådgjevar, kan det sjå ut for at vi vil få noko meir refusjonar enn vi tidlegare trudde. Vi har sida juni også hatt ein del ledige plassar på omsorgssenteret, som har medført tap av inntekt.

OMSTILLING OG UTVIKLING

Arbeidet med omstilling av strukturen i helse- og omsorg er eit arbeid som framleis pågår, og vil halde fram gjennom 2022. Det er ei uhensiktsmessig inndeling av avdelingar med tanke på tenestefelt. Vi har i 2021 slått saman begge sonene i heimebasert omsorg til ei felles teneste. Denne omstillinga er ikkje fullført og det vil gå enda ei tid før vi er komne i mål.

Vidare skal vi som tidlegare nemnt sjå på organiseringa av psykiatrien og dagtilbod for denne gruppa. Vi ser vidare at det er viktig å få på plass eit eige tildelingskontor. Kvaliteten på vedtaksskriving er ikkje god nok per dags dato, då dette arbeidet er fordelt på svært mange sakshandsamarar, og vedtak skal fattast ut i frå eit vidt og komplisert lovverk. Det er økonomisparande å tildele rett omsorgsnivå og få mest mogleg likskap i fordelinga av ressursar.

Kvardagsrehabilitering vil vere eit område vi må arbeide aktivt med framover. Med dette kan folk bu heime lenger, få betre livskvalitet og vi kan redusere talet på institusjonsplassar.

Eli Tefre Nordal
kommunalsjef helse og omsorg

Rammer for sektoren		2021	2022	2023	2024	2025	2040
	Folketalsutvikling, 67-79 år	568	579	607	608	599	529
	Folketalsutvikling, 80 år +	244	251	248	260	267	450
	Årsverk	157,08	159,22	159,22	159,22	159,22	n/a
	Budsjett	114 238	105 639	105 639	105 639	105 639	n/a

Målstyring tenestene		2021		2022	2023	2024	2025	
		mål	resultat					
	Sjukefråvær	7 %		7,5 %	7 %	6 %	5 %	
	Medarbeidarundersøking*	4,8		4,8	4,9	4,9	4,9	
	Sosialmottakarar, yngre, gjennomsnittleg lengde	3,6 mnd		3,6 mnd	3,6 mnd	3,6 mnd	3,6 mnd	

* skala 1-6

Tiltak innsparingar		2022	2023	2024	2025
	Stillingsreduksjon	3 600 000	3 600 000	3 600 000	3 600 000
	<i>HEOM har mellom anna sett seks sjukeheimsplassar på vent</i>				
	Redusere utgifter til sjukevikar	670 000	670 000	670 000	670 000
	<i>Utgifter til sjukevikar kutta frå 3% til 2% av fastlønn</i>				
	Generell innsparing	1 185 000	1 185 000	1 185 000	1 185 000
	<i>Samle sone sørre og sone nord til ei avdeling for heimebasert omsorg.</i>				

Prosessar for omstilling		2022	2023	2024	2025
	Gjennomgang av psykiatritenesta	Ny struktur			
	<i>Helse og omsorgssektoren vil få ei evaluering av tenestetilbodet ved Aktivitetssenteret, Stenbakken, Tynnaknuten og kommunal oppfølgingsteneste – dette opp i mot brukarbehovet for desse tenestene.</i>				
	Ressursbank for helse- og omsorgssektoren	Prosjektstart	Implementering		
	<i>Vi kan gjennom ein ressursbank sjå på moglegheitene for å kunne bidra til ein heiltidskultur, som handlar om å tenke nytt om korleis tenestene og arbeidstida vert organisert. Høg del med deltidstilsette er ein av dei største utfordringane til norske kommunar, og det påverkar arbeidsmiljøet, kvaliteten og effektiviteten.</i>				

sektor KULTUR OG OPPVEKST

Status
2021

Brukarundersøkingar
n/a

Medarbeidarundersøking
n/a

Sjukefråvær
6,58 %

Oppvekstkontoret, Åheim barne- og ungdomsskule, Fiskå barneskule, Myklebust barne- og ungdomsskule, barnehage: Syvde og Åheim. Familie og læringscenteret. Vaksenopplæring. Kulturkontoret, ungdomsarbeid, bibliotek, kulturskolen

Tilbodet til innbyggjarane:

Sektoren har erfarne og kvalifiserte leiarar og tilsette som bidreg til høg kvalitet i tenestene innanfor dei økonomiske rammene dei har tilgjengeleg. Dei tilsette i sektoren arbeider for at barn og unge i Vanylven skal vekse opp i trygge og inkluderande oppvekstmiljø. Fokus på saman å bygge ein struktur og eit felles «mindset» som barn og unge kan få oppleve. I 2021 fekk barnehagane ferdig lokal rammeplan som ber preg av eit stort involveringsarbeid hjå dei tilsette noko som gjer det spennande å jobbe vidare med implementering gjennom 2022. Det er ein del nye styringsdokument som støtter opp om temaet «laget rundt barnet» frå Stortingsmelding 6. Her kan vi nemne Rammeplan for SFO og Ny opplæringslov, som saman med Fagfornyninga og rammeplan bidreg til ei Oppvekstreform. Mellomleiarane i sektoren er godt budd på å sette føringane ut i praksis.

Dei tilsette:

I år har sjukefråværet vore høgt og dette av ulike grunnar. Alle einingane arbeider med å skape gode arbeidsplassar der vi legg til rette ved høve og har innleidd eit samarbeid med Arbeidslivssenteret. Samarbeidet vil gi einingane våre meir kunnskap om kvifor vi har eit sjukefråvær og korleis jobbe vidare for å få ned sjukefråværet i sektoren.

Omstilling og utvikling:

Vi er i ein prosess der vi ønskjer å jobbe tettare på og tidlegare inn. Dette arbeidet starta opp rett før

pandemien og vi har gjort oss nokre erfaringar under pandemien som er nyttige. Gjennom budsjettåret vil vi ha fokus på å arbeide med Fagfornyninga, nye kompetansemål, djupnelæring og tverrfaglege tema. Fagfornyninga krev forankring hjå lærarar og leiarar i skulen og grunna Covid-19 blir dette skuleåret eit viktig år for å få på plass organisering av tverrfagleg tema, einast om kommunelisensar på digitale læreverk og liknande.

Korleis arbeider vi


Sektoren vil gjennom budsjettperioden orientere arbeidet sitt etter nasjonale og lokale styringsdokument. For å lukkast med intensjonane i Oppvekstreform, må alle tenestene som arbeider for barn og unge i Vanylven spele på lag. Barn og unge må involverast og vi må skape løysingar saman. Vi må jobbe for å få implementert verktøy for å lytte ut barnet si stemme og gjere oss vaksne til å ta barnet si bestevurdering. Førebygging og tidleg innsats må takast på alvor. Vi ser at arbeidet med å bygge Familie- og læringscenteret er ei nyttig erfaring å ha med seg og vi er alt i gang med å gå for reformstanken «laget rundt barnet». Lovverk om kapittel 9A i skulen samt endring i lovverket til barnehagane om trygt og godt barnehagemiljø er viktig verktøy i arbeidet med barnet si stemme og barnet si bestevurdering.

Arbeid med språk og lesing er den viktigaste faktoren når det gjeld å hjelpe barn og unge gjennom eit skuleløp. Høg språk- og lesekompetanse gjev både individuell oppleving av meistring gjennom barne- og ungdomsåra, men dette er også viktig kompetanse for å gjere det bra i vaksenlivet både med vener og med å få eit yrkesaktivt liv.

Økonomi

Vanylven kommune vil i budsjettperioden arbeide for å utvikle gode tenester som vil vere utviklingsorientert på det som er føringane i Oppvekstreforma. Det verdsettet som ligg til grunn i Oppvekstreforma treff hjarta hjå dei tilsette i sektoren. Det er stort engasjement, det å ha fokus på kvalitet vil gje barn og unge eit godt tilbod, samt at vi vil få økonomisk gevinst.

Sølvi Erviksæter Sjøstad
Kommunalsjef kultur og oppvekst



Rammer for sektoren		2021	2022	2023	2024	2025	2040
	Folketalsutvikling, 0 - 5 år	136	138	141	132	131	134
	Folketalsutvikling, 6 - 15 år	275	262	263	279	272	257
	Folketalsutvikling, 16- 19 år	141	131	124	109	109	97
	Årsverk	102,44	98,82	98,82	98,92	98,82	n/a
	Budsjett	83 762	78 383	78 383	78 383	78 383	n/a

Målstyring tenestene		2021		2022	2023	2024	2025	landet
		mål	resultat					
	Sjukefråvær	7,6 %		7,5 %	7 %	6 %	5 %	n/a
	Medarbeidarundersøking*	5,0		5,1	5,1	5,1	5,1	n/a

* skala 1-6

Tiltak innsparingar		2022	2024	2024	2025

Prosessar for omstilling og planarbeid		2022	2023	2024	2025
Plan for barn og unge		Evaluering	Revidere		
<i>Plan for barn og unge er vedteke, og skal implemenerast, evaluerast og reviderast</i>					
Prosess med helsestasjonen		Implementere			
<i>Flytting av helsestasjonen til FLS i 20/21 og dette skal implemenerast i 2022 og forankrast i plan for barn og unge</i>					
Prosess med barnevernstenesta		Tilbakeføring	Samarbeid		
<i>Tilbakeføring av barnevernstenesta frå Herøy</i>					
Prosess: Fagfornyng		Oppstart	Forankring		
<i>Godt arbeid med overordna del er implementert 20/21 - Implementere arbeid med kompetansemål og forankre i plan for barn og unge i 2023</i>					
Rammeplan barnehage		Implementere	Forankring		
<i>Ny lokal rammeplan godkjent i kommunestyret, som må implenterast og forankrast i plan for barn og unge i 2023</i>					
Rammeplan SFO		Implementere	Forankring		
<i>Arbeidet hadde oppstart i 2021, og sektoren skal i 2022 implementere og forankre i plan for barn og unge i 2023</i>					
Kulturskulen		Planarbeid	Forankring		
<i>Oppstart i 2021 med kommune 3.0 perspektivet – planarbeid i 2022 og forankring i 2023</i>					

Kor mykje pengar har vi til å drifte kommunen?

Budsjettskjema 1A	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
1.1 Rammetilskot	-118 537	-120 980	-120 718	-120 320	-119 957
Skjønsmidlar- tiltak	-4 727	-1 670	-1 190	-1 190	-1 190
1.2 Skatt	-88 069	-92 523	-92 523	-92 523	-92 523
1.3 Inntektsutjamning	-10 171	-9 208	-9 208	-9 208	-9 208
1. Sum skatt/rammetilskot	-224 381	-224 381	-223 639	-223 241	-222 878
2.1 Havbruksfond	-2 765	-5 867	-2 082	-5 867	-2 082
2.2 Sal av konsesjonskraft	-580	-900	-900	-900	-900
2. Sum frie disp. innt.	-224 849	-231 148	-226 621	-230 008	-225 860
3.1 Frie renteinntekter	-95	0	0	0	0
3.2 Aksjeutbytte	-2 569	-2 569	-2 569	-2 569	-2 569
3.3a Gevinst finansielle instru.	0	0	0	0	0
3.3b Tap finansielle instrument	0	0	0	0	0
3.4 Renteutgifter, lån	5 453	4 450	5 258	5 618	5 486
3.5 Avdragsutgifter	11 927	11 287	11 057	12 687	12 510
3. Netto finansutgifter	14 716	13 169	13 746	15 736	15 427
4.1 Dekning underskot, tidl. år	0	0	0	0	0
4.3. Avsett til bundne fond	0	0	0	0	0
4,3 Avsett til disposisjonsfond	0	207	0	0	0
4.5 Bruk av disposisjonsfond-drift	30	0	0	0	0
4.5 Bruk av investeringsfond	0	0	0	0	0
4. Netto avsetning	-5 100	207	0	0	0
5.1 Overført inv.budsjett	950	0	0	0	0
5. Til fordeling, drifta	-215 203	-217 772	-212 875	-214 272	-210 433
6.1 Motpost avskrivning	-18 084	-18 057	-18 057	-18 057	-18 057
6.2 Lønsreserve	4 500	6 050	6 050	6 050	6 050
6.4 Tapsavsetning	25	25	25	25	25
6.5 Pensjon (premieavvik/premie- fondbruk)	-7 482	-4 003	-3 409	-3 085	-2 237
6.5 Pensjon (bruk av premiefond)	0	0	0	0	0
6.6 Reservar	0	0	0	0	0
6.6 Tilskot	0	0	0	0	0
6. Til fordeling på sektorane	-236 218	-233 757	-228 266	-229 339	-224 652

skjema 1B - driftsbudsjettet fordelt på sektorane

Budsjettskjema 1B	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
7.1: Folkevalde	2 850	2 680	2 680	2 680	2 680
7.1: Stab og fellestenester	17 716	17 874	17 874	17 874	17 874
7.5: Religiøse formål	3 697	3 633	3 633	3 633	3 633
7.3: Helse og omsorgssektor	106 064	105 639	105 639	105 639	105 639
7.4: Teknisk sektor	26 836	25 548	25 548	25 548	25 548
7.2: Kultur- og oppvekstsektor	79 655	78 383	78 383	78 383	78 383
Sum utgifter	236 218	233 757	233 757	233 757	233 757
Resultat	0	0	5 491	4 418	9 105
Tiltak: Heiltidskultur		0	-1 900	- 2 000	- 3 000
Tiltak: Ressursbank HEOM		0	-1 900	- 2 000	- 3 000
Tiltak: Forvaltningskontor		0	-1 900	- 2 000	- 3 000
Tiltak: Stillingsreduksjon		0	-613	-613	-613
Resultat etter tiltak	0	0	-822	-2 195	-508

RAMMER FOR BUDSJETT 2022

Talgrunnlag for budsjettet

1.1 RAMMETILSKOT

Rammetilskotet frå staten vert i hovudsak utrekna etter folketalet per. 1. juli 2021. Ordinært rammetilskot er såleis ein fast sum som er endelege tildelingar når statsbudsjettet vert vedteke.

Det usikre i utrekninga av kommunen sine frie inntekter, er skatteinngangen og inntektsutjamninga. For skatteinngangen og inntektsutjamninga vil folketalet per 1.januar 2022 bli lagt til grunn ved utrekningane.

I utrekningane av rammetilskot, skatt og inntektsutjamning, har vi brukt KS sin "Prognosemodell"

Rammetilskotet består av desse deltilskota:

2021	2022
Innbyggjartilskot	
kr 77.330.000	kr 80.282.000
Utgiftsutjamning	
kr 30.608.000	kr 30.690.000
Ingar (minstegaranttilskot)	
kr 1.313.000	kr 1.896.000
Saker med særskild fordeling	
kr 652.000	kr 888.000
Skjønstilskot	
kr 2.600.000	kr 500.000
Småkommunetillegg	
kr 6.034.000	kr 6.034.000
Tilleggsnummer statsbudsjett	
Kr -	kr 690.000
Sum rammetilskot	
<u>kr 118.537.000</u>	<u>kr 120.980.000</u>

Samla rammetilskot vert då i 2022: kr 120.980.000.

Utrekning av det ordinære rammetilskotet for 2022 legg til grunn følgjande folketal pr 01.07.2021 (uforandra i perioden):

Kriteriedata	IS 2018 med folketal per 1.7.2017	IS 2019 med folketal per 1.7.2018	IS 2020 med folketal per 1.7.2019	IS 2021 med folketal per 1.7.2020	IS 2022 med folketal per 1.7.2021	IS 2023 med folketal per 1.7.2022
Innbyggere ialt	3 209	3 170	3 157	3 123	3 072	3 072
Innbyggere 0-1 år	47	53	51	42	43	43
Innbyggere 2-5 år	99	92	89	102	105	105
Innbyggere 6-15 år	315	309	303	280	273	273
Innbyggere 16-22 år	336	319	310	288	235	258
Innbyggere 23-66 år	1 647	1 628	1 618	1 601	1 571	1 571
Innbyggere 67-79 år	505	527	550	565	575	575
Innbyggere 80-89 år	179	175	176	189	191	191
Innbyggere 90 år og over	81	67	60	56	50	50

I utrekninga av skatt, inntektsutjamning og rammetilskot vert det lagt til grunn uendra folketal i økonomiplanperioden. For denne utrekninga er det folketalet 01.01. i året som gjeld. Folketalet per

01.01.2022 vert estimert til å vere 3072. Risikoen for reduserte inntekter som følgje av eventuell folketalnedgang, er delvis redusert ved at det ikkje er lagt inn forventa årleg auke i frie inntekter.

Tala for dei ulike delane av det ordinære rammetilskotet er fordelt slik:

➤ Innbyggjartilskot **kr 80.282.000**

Vi får kr 26.134 per innbyggjar og summen kjem fram ved å multiplisere med antal innbyggjarar som er 3072 (her er det innbyggartal per 1. juli 2021)

➤ Utgiftsutjamning. (kor kostnadskrevjande drifta av kommunen er) **kr 30.690.000**

Dette tilskotet er ei fordeling mellom kommunane. Kommunar som er lett drivne vil måtte betale inn til "ein pott" som går til utbetaling til dei kommunane som er tung drivne. Det er totalt 24 kriterium som inngår i utrekninga. Døme på slike variablar er alderssamansetjing, arbeidsledige, sosialklientar, talet på psykisk utviklingshemma, m.m.

Vanylven kommune får tillegg fordi ein mellom anna er kostnadskrevjande innanfor følgjande område:

- Mange innbyggjarar over 67 år og spesielt mange over 90 år
- Kommunen har spreidd busetnad
- Mange ikkje-gifte over 67 år
- Mange psykisk utv.hemma over 16 år

Tilsvarande får vi trekk i denne delen av tilskotet fordi vi har forholdsvis små kostnader for desse variablane:

- Under gjennomsnittet av yngre innbyggjarar og spesielt er det få born i gruppa 6 – 15 år.
- Få innvandrarar og flyktningar
- Få innbyggjarar med høgare utdanning

Det vert såleis utrekna kor mykje dyrare Vanylven kommune er å drive sett i forhold til ein gjennomsnittskommune, og denne differansen får vi kompensert gjennom dette utgiftsutjamnande tilskotet. Vanylven kommune er ut frå desse kriteria å vere 16,00% dyrare å drive enn ein gjennomsnittskommune. Tilsvarande tal i 2021 var 16,41%. Vi får då litt mindre her enn i 2021 ved at vi er blitt litt meir lik ein normalkommune på desse 24 kriteria.

➤ Ingar (minstegaranttilskot) **kr 1.896.000**

«Ingar» er også ei omfordelingsordning der ein trekkjer inn ein sum frå alle kommunane og fordeler på inntektssvake kommunar for å sikre at alle kommunar har ein minimum vekst i rammetilskotet.

Saker med særskild fordeling **kr 888.000**

Dette er følgende tilskot:

Helsestasjonar og skulehelseteneste	kr 424.000
Ansvarsreform barnevern	kr 464.000

Småkommunetillegg **kr 6.034.000**

Tilskotet er også avhengig av ein såkalla distriktsindeks. Vanylven kommune er plassert i gruppa som gir størst tilskot. Tilskotet er også avhengig av skatteinntektene til den enkelte kommune.

Skjønstilskot, generell del **kr 500.000**

A) Generell del	kr 500.000
-----------------	------------

Ekstra skjønsmidler

Kommunen vil få støtte til ressurskrevjande brukarar på helse og omsorg på 1.190.000 i 2022-2025. I tillegg er det budsjettert med 480.000kr i 2022 for tilsvarende ordning på grunn av tiltak ressurskrevjande brukarar i 2021 som forventast å auke denne posten i 2022.

Merknad vedrørende tilleggsnummer statsbudsjett

Tilleggsnummer på statsbudsjett blei presentert 08.11.21, og innebærer endringar i rammetilskot og skatt som utgjør 2.032.000kr. Denne endringa er det korrigert for i budsjettet.

1.2 SKATT OG INNTEKTSUTJAMNANDE TILSKOT

Skatt **kr 92.523.000**

I budsjettet er det lagt inn dei generelle føresetnadane for skatteinngang som framgår av statsbudsjettet. I vår utrekning er folketalet sett til 3050 for heile perioden.

KS sin modell tek utgangspunkt i at skatt per innbyggjar for landet sine kommunar gjennomsnittleg vil vere kr 34.771 per innbyggjarar i 2022. Vanylven kommune mottok omlag 86,1 % av landsgjennomsnittet i innbetalt skatt, noko som gir skatteinntekt på 29.934 kroner per innbyggjar.

Budsjettert skatt blir då slik utifrå framlagd budsjett: kr 29.934 gangar 3050 innbyggjarar

(Utrekninga bygg på dei føresetnadane som ligg i den såkalla KS-modellen).

Inntektsutjamning

Systemet er slik at skattesvake kommunar får kompensasjon gjennom ei ordning som medfører at kommunar med høge skatteinntekter får tilsvarende inntrekk.

Vanylven kommune har skatteinngang på vel 86,1 % av landsgjennomsnittet, og ein svikt i skatteinntektene blir kompensert med 95 % av svikten opptil vi når 90 % av landsgjennomsnittet og 60 % derifrå og opptil landsgjennomsnittet. Dette betyr at dersom kommunen får innbetalt 1 million kroner i ekstra skatt, får vi kun behalde kr 50.000 av desse pengane. Vert det svikt i skatteinntektene med kr 1 million, vil vi få kompensert kr 950.000. Dette betyr at våre samla inntekter ikkje er vesentleg påverka av egne skatteinntekter, men desto meir påverka av kommunesektoren sine samla skatteinntekter for heile landet.

Kommunen får her **kr 9.208.000**

2.1. HAVBRUKSFOND

Telemarksforsking har gjort slik utrekning av forventa tilskot:

Anslag havbruksmidler Vanylven kommune 2022-25 (1000 kr)*

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Havbruksfond	6 220	1 983	4 542	757	4 542	757
Produksjonsavgift			1 325	1 325	1 325	1 325
Sum havbruksmidler	6 220	1 983	5 867	2 082	5 867	2 082

*): Basert på andel av havbruksfondet fra ordinær tildeling i 2021.

2.2. KONSESJONSKRAFTINNTEKTER

Kommunen har dei siste åra selt tilbake til Tussa den konsesjonskrafta som kommunen har rett til å ta ut til sjølvkost. I praksis betyr dette at vi tek ut krafta og sel den vidare til Tussa og får utbetalt differansen mellom denne salsprisen og Tussa sin kostnad med å produsere krafta. Det er budsjettert med at vi får inn kr 900 000 i sal av konsesjonskraft, som inneberer at vi får selt krafta for :

2022 m/Innmatingskostnad

	kWh	Pris	Kostnad	Inntekt
Sørbrandal	3 318 640	0,275	0,1186	519 035
Åmøla	2 275 850	0,275	0,114	366 412
Sum	5 594 490			885 447

I tillegg kjem kraft frå Skorge med eit mindre beløp og vi legg difor til grunn ei inntekt på kr 900.000 under sal av konsesjonskraft.

3.1. RENTEINNTEKTER

Underskot på drifta i 2019 og 2020 samt forventa underskot i 2021 har ført til stor bruk av disposisjonsfond som har svekka likviditeten i betydeleg grad. Vidare har bokføringa av pensjonskostnader, som inneber at kommunane forskotterer pensjonsinnbetalingar, tæra på likviditeten.

Forventa ordinære renteinntekter og gebyrinntekter

	kr	215.000
+ Renter av startlån	kr	95.000
+ Renter av utlån (risikofond)	kr	60.000
Sum renteinntekter	kr	370.000
- Bankkostnader/administrasjon	kr	- 140.000
- Konsulentkostnader	kr	- 170.000
- Avsetjing av renter på næringslån til næringsfond		
	kr	- 60.000
Sum netto renteinntekter fråtrekt gebyr og konsulentkostnader	kr	0

Det vert budsjettert med å ta opp nye lån heilt på slutten av året 2022. Dette betyr at vi må forskottere lån gjennom året, noko som reduserer forventa renteinntekter på likviditeten til kommunen. Netto budsjetterte renteinntekter er sett til kr 0 i budsjettet for 2022 og fram til og med 2025.

3.2. AKSJEUTBYTTE

Utbyttet gjeld Tussa Kraft AS. Aksjeutbyttet vil variere i takt med overskotet i selskapet i føregående år.

Aksjeutbyttet har variert slik siste åra:

- I 2018 mottok vi kr 2.167.000.
- I 2019 mottok vi kr 2.569.000.
- I 2020 mottok vi kr 2.726.000
- I 2021 mottok vi kr 2.894.092

Det vert budsjettert med same sum i 2022 som det vi fekk i 2019. Utbyttet her vil avhenge både av innteninga i Tussa og av innhaldet i ny aksjonæravtale mellom eigarane i Tussa.

3.4. RENTEUTGIFTER

Det er rekna med gjennomsnittleg 1,75% rente på låna som kommunen har teke opp og skal ta opp til investeringar. Gjennomsnittleg rente i 2021 er omlag 1,49%. Resten av økonomiplanperioda, 2023-2025, er det rekna med 2% i rente som følgje av at det er forventa ei auke i utlånsrenta.

3.5. MINIMUMSAVDRAG

Ei forskrift regulerer betaling av avdrag for kommunesektoren. Kort sagt seier denne at ein vurderer lånegjelda opp mot anleggsverdiane og den resterande avskrivningstida for desse anlegga. Vi skal ha same forholdet mellom avdragsbetaling og lånegjeld som forholdet mellom avskrivningar og anleggsverdiar (eks tomtegrunn).

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Avdrag betalt	11 451 844	11 721 598	11 287 487	11 042 904	12 673 188	12 497 199
Rentekostnad løpande lån	5 257 000	5 320 598	4 450 395	5 251 796	5 611 900	5 480 436

	2025	2024	2023	2022	2021
Saldo anlegg 01.01 (utan tomtegrunn)	357 494 503	367 853 028	347 770 914	329 093 292	331 840 980
Avskrivningar i året:	17 251 229	17 608 525	15 615 486	15 682 378	15 697 688 247 788
Sum lån, rekneskap, 01.01	259 252 526	265 039 536	246 248 415	236 866 902	500
Minimumsavdrag:	12 510 471	12 687 010	11 056 959	11 287 487	11 721 598
Gj.snittleg avskrivningstid	20,7	20,9	22,3	21,0	21,1

Utrekningane av minimumsavdraget baserer seg på følgjande investeringsvolum og finansiering:

Finansiering av nye anlegg	2025	2024	2023	2022	2021
Momskompensasjon	590 000	1 150 000	6 649 520	6 266 000	2 000 000
Tilskot, fondsbruk og driftsmidlar			0	8 225 000	950 000
Ubrukte lån			0	0	10 000 000
Lån VAR	500 000	1 500 000	2 450 000	3 030 000	0
Lån, andre prosjekt	2 360 000	4 600 000	26 598 080	16 839 000	0
Sum	3 450 000	7 250 000	35 697 600	34 360 000	12 950 000

4.1 -4.6. BRUK AV TIDLEGARE ÅRS OVERSKOT OG FOND OG AVSETJING TIL FOND

Det er ikkje avsett renter til bundne fond og det er heller ikkje midlar frå tidlegare års mindreforbruk å avsette til fonda.

5.1. OVERFØRING TIL INVESTERINGSREKNEskapEN

Eigarkommunane i KLP må sørge for at eigenkapitalen i selskapet er i samsvar med lovverket sine krav. Dette inneber at ein siste åra har måtta betale inn ein sum utover pensjonspremien som skal gå til å styrke eigenkapitalen. Dette eigenkapitaltilskotet er å sjå på som ein eigendel i KLP og skal derfor bokførast i investeringsbudsjettet. Kommunen kan imidlertid ikkje låne til denne type investeringar. Vi har to alternative finansieringar for dette eigenkapitaltilskotet:

- ein må overføre kr 935.000 frå drifta for å finansiere dette eigenkapitaltilskotet.
- bruke andre kapitalinntekter som til dømes sal av anleggsmiddel.

Det vert føreslått at tomtosal og anna kapitalinntekt

skal finansiere dette eigenkapitaltilskotet. Kommunen må spesielt følgje opp denne posten gjennom året, då eventuelt sviakt i slike andre kapitalinntekter vil medføre at kommunen må finansiere eigenkapitaltilskotet frå drifta.

6.1. MOTPOST AVSKRIVING

Dette er ein motpost til budsjetterte avskrivningar og kalkulatoriske renter som inngår i sektorbudsjetta. Avskrivningar og kalkulatoriske renter går totalt sett i null i budsjettet, men rekneskapsforskriftene krev at kommunane skal budsjettere avskrivningane for å vise kapitalkostnadane for dei ulike sektorane. Det er i utgangspunktet lagt inn same tall som vart bokført i 2021, likevel slik at:

- ein har redusert VAR-renta i samsvar med gjeldande rentenivå,
- det er lagt inn renter og avskrivningar på budsjetterte investeringar i VAR-sektoren slik:

Nye avdrag VAR					
	2021	2022	2023	2024	2025
Vatn	6	51	87	117	129
Avløp	6	30	55	122	130
Renovasjon	0	30	30	30	30
SUM	12	110	171	269	289

Nye renter VAR					
	2021	2022	2023	2024	2025
Vatn	5	44	76	103	114
Avløp	6	26	48	107	114
Renovasjon	0	7	7	7	7
SUM	10	77	131	217	234

Sidan renter og avdrag på VAR (vatn, avløp, renovasjon) skal dekkast av brukarane, vert desse auka kostnadane lagt inn som inntekt her.

6.2. LØNSRESERVE

Ordinær lønsauke i 2021 og 2022 vert budsjettert på ein felles reservepost. Anna løn enn ordinær fastløn må sektorane sjølv dekke. Når lønsoppgjera er klare, overfører ein pengar frå denne reserveposten til dei ulike ansvara i budsjettet. Lønsoppgjeret for 2021 var ikkje klart då budsjettprosessen starta opp slik at alle løner i budsjettet er basert på lønsoppgjeret i 2020 samt etterfølgjande lønsgliding. For 2021-lønsoppgjeret vert det avsett 1 900 000 kroner i reserve i budsjettet. For 2022-oppgjeret stipulerer statsbudsjettet ein lønsauke på 3,2%. Budsjettert fastløn inklusiv sosiale utgifter for kommunen er om lag 194 million kroner, noko som indikerer ein lønsauke på 4,15 millionar kroner med lønsauke på 3,2%. Totalt vert det derfor avsett 6,05 millionar kroner på reservelønsposten.

6.3 – 6.4. -6.6. ØVRIGE RESERVEPOSTAR

Reserve for tap på krav kr 25.000

	PROGNOSE 2021	BUD 2022	BUD 2023	BUD 2024	BUD 2025
Tidlegare års premieavvik	5 324 517	3 951 801	3 209 894	2 206 992	1 726 099
Auke i tidlegare års premieavvik		2 453 600	3 797 784	5 143 139	6 491 077
Sum tidlegare års premieavvik	5 324 517	6 405 401	7 007 678	7 350 131	8 217 176
Premieavvik i året KLP (inkl avgift)	-17 180 432	-9 235 844	-9 235 844	-9 235 844	-9 235 844
Premieavvik i året SPK (inkl avgift)	5 235	-173 445	-181 643	-199 721	-218 502
Bruk av premiefond	-3 194 812	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Sum pensjon på finansområdet	-15 045 492	-4 003 888	-3 409 809	-3 085 434	-2 237 170

Reservepost for formannskapet og kommunestyret er lagt inn på ansvar 1000 slik at beløpa inngår i rammeområdet «Folkevalde»:

Ymse post formannskapet er på kr 75 000
 Ymse post kommunestyret er på kr 75 000

6.5 . PENSJON

Sektorbudsjetta:

I sektorbudsjetta er det avsett utgifter knytt til betaling av pensjon slik:

KLP, ordinært: 15 % pensjonspremie
 KLP, sjukepleiarar: 18%
 Statens Pensjonskasse, 8%

Budsjettering ansvar 6098:

Øvrige pensjonskostnader (og evt inntekter) er budsjettert på ansvar 6098. Dette gjeld «årets premieavvik» og «tidlegare års amortiserte avvik» samt evt bruk av KLP sitt premiefond (overskotet frå KLP).

A: Årets premieavvik

Dersom faktisk betalt pensjonspremie vert større enn ein teknisk utrekna normalpremie, skal "for mykje betalt" premie inntektsførast i rekneskapen og bokførast i balansen som eit kortsiktig krav. Tilsvarande skal ein utgiftsføre dersom kommunen betalar mindre enn det som blir rekna som normalpremie. Desse tala framkjem som prognose frå pensjonsselskapa. Endelege tal veit ein ikkje før etter at rekneskapsåret er avslutta. I tillegg til tala i tabellen over kjem arbeidsgjevaravgift.

Vi ser at inntekta frå premieavvik varierer frå år til år. På den andre sida vil pensjonsbetalingane variere tilsvarande med motsatt forteikn slik at ein langt på veg får ein stabil samla pensjonskostnad over tid.

B: Tidlegare års premieavvik

Premieavvik frå tidlegare år skulle opphavleg dekkast inn over dei 15 etterfølgjande åra (10 etterfølgjande år for premieavvik frå og med 2010 og 7 år frå 2015).

Når «Årets premieavvik» i 2021 ifølgje prognosane vert på kr 17.180.432 (inntekt, inkl avgift), får vi for åra 2022 til 2028 ei årleg utgift som er 1/7 av denne inntekta, dvs kr 2.454.347 per år. Sum «Tidlegare års premieavvik» er summen av amortiseringane av premieavvika frå 2005 og fram til no.

C: Bruk av premiefond

Dette er overskotet i KLP som vert ført tilbake til medlemskommunane og kjem som ein reduksjon i betalt premie. Denne rabatten vert bokført på finansområdet, ansvar 6098.

Dersom kommunen får midlar frå KLP sitt premiefond, vert betalinga til KLP mindre. Dette har likevel ingen resultateffekt sidan då også «Årets premieavvik» vert tilsvarande redusert.

Prosjektnamn	Nr.	Rev. budsjett 2021	Ny økonomiplan			
			Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
A) Bygg og anlegg						
IKT-utstyr til til oppvekstsektoren	1			200 000	200 000	200 000
IKT: Infrastruktur og utstyrskjøp	2		800 000			
Videokonferanseløysing skule /b.hage	3		100 000	150 000		
Digitale læremiddel	4		100 000	300 000	400 000	400 000
Lyd og videoutstyr til kommunestyresalen	5			300 000		
YMSE INVESTERINGAR						
Velferdsteknologi	6			150 000	250 000	250 000
Helseplattforma	7		300 000		1 000 000	
Bilar, HEOM (Sonebilar)	8			500 000	500 000	500 000
St. Jetmund kyrkjegard	9			4 000 000		
Renovering kyrkjer og gravstadar	10		720 000			
BYGNINGAR						
Vanylven Aktivitetsenter, nytt kjøkken	11			300 000		
Fiskå: Ny skulefløy og gymsal	12		22 000 000	22 997 600		
Renovering av Thue skule	13			1 700 000		
Nytt tak på gamle Vanylven sjukeheim	14				1 500 000	
Vindu på Myklebust skule	15		650 000	150 000		
Renovering Åheim skule	16		2 400 000			
Solskjerming kjøken	17		250 000			
YMSE INVESTERINGAR TEKNISK SEKTOR						
Ymse vegutbetring	18		2 080 000			
Trafikksikring	19		200 000	200 000	200 000	200 000
Gang og sykkelveg Thunem	20			300 000		
Kartsamarbeid Søre Sunnmøre	21		142 000	150 000		
Vaktbil brann	22			500 000		
Vaskemaskin brann	23			250 000		

Branngarasje	24		500 000			
Kantklippar	25		500 000			
Lastebil	26				750 000	
Traktor	27				1 300 000	
Kostemaskin	28		300 000			
Robotklippar	29		120 000			
VAR-OMRÅDE						
Pumpestasjon ved Åheim barnehage	30				700 000	
Fiskå: Ny avløpsleidning Tunheim	31			700 000		
Syvde: Avløpsanlegg i Lendalen	32		700 000			
Ymse avløpsanlegg	33		230 000	300 000	300 000	
Vassleidning Syltedalen	34		1 500 000			
Ny vassleidning Tunem	35			950 000		
SD-anlegg	36					
VA Eidså sentrum	37					
Containerar Renovasjon	38		300 000			
SUM			34 360 000	35 697 600	9 300 000	3 450 000
EK-tilskot KLP	39		935 000	955 000	975 000	995 000
Startlån	40		3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Prosjekt 60903						
Sum			38 295 000	39 652 600	11 225 000	7 445 000
Sum ordinære investeringar			31 330 000	33 247 600	5 755 000	2 950 000
Sum var-investeringar			3 030 000	2 450 000	1 325 000	500 000
Sum startlån og KLP			3 935 000	3 955 000	3 975 000	3 995 000
Sum			38 295 000	39 652 600	11 225 000	7 445 000
Finansiering						
Lån ordinære investeringar			16 839 000	26 598 080	4 600 000	2 360 000
Lån VAR-investeringar			3 030 000	2 450 000	1 500 000	500 000
Momskompensasjon			6 266 000	6 549 520	1 150 000	590 000
Andre tilskot / fond			8 225 000	0	0	0
Lån startlån			3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Tomtesal			935 000	955 000	975 000	995 000
Sum			38 295 000	39 652 600	11 225 000	7 445 000

Prosjekt nr 1: IKT-utstyr til

Oppvekstsektoren

Det er bestemt at alle ungdomskuleelevar i Vanylven skal ha egen datamaskin. Dei siste åra har det blitt løyvd midlar på investeringsbudsjettet for å gjere eit løft i høve IKT-utstyret til grunnskulane. Det er behov for å vidareføre denne satsinga vidare for at maskinparken til elevar og tilsette er oppdatert. Til no har løyvde midlar blitt nytta til utstyr til 1 – 7 klasse (ipadar og datamaskiner) samt ei utbytting av datamaskiner frå 8 – 10 klasse no i 2021. I tillegg har det og blitt fornya infrastruktur på omlag alle einingane. Det står att eitt bygg på Myklebust barne- og ungdomsskule som ikkje har utbytte av internett-tilgangen sin fordi arbeidet ikkje er ferdigstilt grunna kapasitet 2021. Vi voner at dette blir ferdigstilt i 2022. Fokuset på arbeidet med infrastruktur er for å imøtekome aukande utstyrstettleik og auka pedagogisk bruk. Tiltaket er også viktig for at SSIKT skal kunne drifte og supporterar einingane våre på best mogleg vis. Vi ser at det er eit auka behov for å styrke det digitale ytterlegare etter erfaringane vi har gjort oss i høve korona og heimeskule.

Funksjonsframstilling av planlagt tiltak, evt lokalisering, arealbehov og andre planar for tiltaket:

Innkjøp av digitale einingar for programmering, robotar og tilleggsutstyr for å arbeide med programmering. Eksempel på tilleggsutstyr kan vere mikrokontrollarar, sensorar, elektronikk og utstyr for digital fabrikasjon.

Funksjonsframstilling av planlagt tiltak, evt lokalisering, arealbehov og andre planar for tiltaket:

Innkjøp av nye maskiner til ungdomstrinn og lærerar.

Målet er å få på plass ei rullering på utstyret, slik at datautstyret blir rullert etter ein plan frå SSIKT som sikrar at utstyret ikkje blir utdatert.

Kostnadsoverslag:

200.000 for 2023

200.000 for 2024

200.000 for 2025

Driftskonsekvensar: auke i utgifter eller

inntekter av tiltaket (ikkje ta med renter/avdrag):
Vil gje eit lavare press på IKT-support og betre utstyr for skulane å jobbe med. Vil gje elevane i Vanylvens-skulen verktøy til å tileigne seg digital kompetanse

Prosjekt nr 2: IKT- infrastruktur og utstyr

Utskifting av utstyr: Eit estimat basert på klientoversikta frå SSIKT, og med utgangspunkt i utstyr som er over 5 år gammalt er der eit investeringsbehov på om lag kr 610 000 i 2021. Med utgangspunkt i ein gjennomsnittspris per eining på kr 5 000, vil utskifting av berbare pc`ar, tynnklientar med utstyr bli kr.610 000 i 2021.

I tillegg kjem kabling av helse- og omsorgssenteret for å betre wifi-forholda på fellesareal og på pasientromma. Dette blir nødvendig dersom det skal vere rom for å digitalisere og ta i bruk velferdsteknologi. Dette er eit større prosjekt som må på anbod. Det er forsøkt å få tak i eit estimat på kva kostnaden kjem til å bli, men det er ikkje nokon som er komfortable med å gi eit slikt estimat som følgje av kompleksiteten ved å legge kablar i eit bygg som helse- og omsorgssenteret. Det er derimot grunn til å tru at kostnaden for dette i 2022 blir 800.000.

Prosjekt nr 3: Videokonferanseløysing for skulane

I samband med omlegging av ordninga med sentrale midlar for kompetanseheving for skule og barnehage er det no krav om koordinering og samarbeid mellom kommunar. Vanylven kommune skal grunna omlegginga samarbeide med ulike kommunar i Sjustjerna i høve fagfornyninga og rammeplan. Grunna praktiske utfordringar i høve avstandar mellom kommunane og kostnader med reising, er det lagt opp til eit digitalt samarbeid mellom kommunane. Dette krev at vi har gode digitale

løysingar ved einingane våre som er enkle i bruk og som kan sikre god samhandling mellom kommunane. Skulane har no fått greitt med utstyr gjennom 2020 og 2021, så no er det er barnehagane som står for tur.

Det er også eit behov for videokonferanseutstyr i høve tverrfagleg samarbeid mellom einingane og samarbeid med hjelpeinstansar som BUP og barnevern. Vi har og sett kor viktig dette utstyret er i høve handtering og oppfølging av Korona (pandemi).

Vaksenopplæringa vil ofte krevje ei pedagogisk

spisskompetanse noko vi kan få hente inn frå andre vaksenlæringseingar i sjustjerna. Derfor tenkjer vi at det er rett å investere i vikeokonferanseutstyr for vaksenopplæringa med tilgjengelig kompetanse og økonomi.

Utstyret vil bli kjøpt inn gjennom SSIKT. Løysingane vil bli plassert ute på 2 barnehagar og Vaksenopplæringa i kommunen. Innkjøp til barnehagane i 2022 og vaksenopplæringa i j2023

Kostnadsoverslag:

Kr 100 000 for 2022

kr 150.000 for 2023

Prosjekt nr 4: Digitale læremiddel

Hausten 2020 fekk grunnskulen nye læreplanar. Vanylven kommune ville gjennom 2020, 2021 og 2022 gjennomføre ei oppdatering av læreverka i skulen med fokus på digitale løysingar/læreverk. Dette er i tråd med nasjonale føringar om fleire nye digitale læremiddel i norsk skule. Med dei nye læreplanane ønskjer vi å sikre meir og betre læring, og da må dei nye «læremidla» bidra til å endre praksis i klasserommet, seier kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner (H). Grunna Covid-19 blei det eit sterkt fokus på å prøve ut ulike digitale læremiddel for å få til heimeundervising (2020 til 2021). Pandemien lærte oss meir om korleis drive ein digital skule, noko som er i tråd med Fagfornyninga, dermed blir fokuset på læremidla annleis.

Digital dømmekraft og digital skaparkraft er viktige verktøy for læring i alle fag, og samtidig nødvendig for at elevane skal kunne vise kompetansen sin. Skulane må ha digitale læremiddel for å lære elevane gode digitale ferdigheiter. Derfor meiner vi at ein større del av læremidla i skulen bør vere digitale, seier Sanner

Vi er inne i eit stort felles løft/innkjøp av digitale læremiddel i Vanylvs skulen og det er behov for eit stort løft i samband med fagfornyninga. Dette gjeld også utstyr til programmering og kreativ skaping ved hjelp av digitale verktøy Det er og behov for midlar til opplæring rundt bruk av læremidla.

Innkjøp av nye digitale læremiddel for elevar og tilsette. Det har blitt kjøpt inn både til datamaskin og iPad. Lærarane og rektorane skal einast om kva for digitale læreverk/lisensar som skal kjøpast inn til dei ulike faga og tverrfaglege emna som kjem med fagfornyninga.

Kostnadsoverslag er litt vanskeleg å stipulere.

Ein grunn til det er fordi mange digitale

læreverk er under utvikling og ikkje ferdige enno, spesielt ikkje nynorske digitale læreverk, og vi veit ikkje kva sum forlaga vil legge seg på. Ein annan grunn er at under pandemien fekk vi støtteordningar frå Udir for å gjennomføre storstilt heimeundervising, der digitale læremiddel var det berande verktøyet. Udir si støtte var særskilt viktig men den vil ikkje vere der no når pandemien er «over». Det vi veit heilt sikkert er at det er årlege kommunelisensar på digitale læreverk, noko som gjer det meir fleksibelt og vi kan skifte læreverk oftare enn med tradisjonelle lærebøker. Det er lettare å få oppdatert kunnskap men vi som det står over, vi veit ikkje heilt kva pris kommunelisensane vil ligge på i framtida.

Kostnadsoverslag:

Kr 100 000 for 2022

kr 300.000 for 2023

kr 400.000 for 2024

kr. 400.000 for 2025

Prosjekt nr 5: Lyd og videoutstyr kommunestyresalen

Behov for nytt lyd og videoutstyr på kommunestyresalen blir budsjettert med 300.000 kr i 2024

Prosjekt nr 6: Velferdsteknologi

Ny velferdsteknologi kan også føre til mindre personalbehov. Mangel på personell i helsesektoren er stort, samt at vi kan spare pengar på utvikling av velferdsteknologi. Vi er med på velferdsteknologiprojekt gjennom sjustjerna. Det er naudsynt med midlar til å kjøpe inn utstyr for å få til vidareutvikling.

Driftskonsekvensar: auke i utgifter eller inntekter av tiltaket (ikkje ta med renter/avdrag):

Kan vere auke i abonnement på enkelte produkt. Må vere ein del av totalbudsjettet på sektoren, og avdelingsvis etter bruk. Her kan ein spare inn personalkostnadar i staden.

Årleg investering 2023 150.000 og 250.000 frå 2024 til 2025 til innkjøp av velferdsteknologiutstyr som det er behov for.

Prosjekt nr 7: Helseplattforma

Helseplattforma skal innføre ny, felles pasientjournal ved sjukehus og kommunar i heile Midt-Norge. Journalen skal følgje pasienten i alle møter med helsetenesta. Det skal gjelde for kommune

og spesialisthelsetenesta, fastlegar og avtalespesialister. Dette skal gje betre kvalitet i behandlinga og betre pasientsikkerheit. Dette vil erstatte dei pasientprogramma vi har pr. i dag. Ein tek sikte på innføring i 2023, men investeringar også i 2022. Vil koste om lag kr 300 per innbyggjarhalvparten i investering og halvparten i drift.- om lag kr 930.000. Minus kostnader vi har til dagens program.

Investering: 2022: 300.000 kroner (overført 200.000 frå løyving 2021) For 2024: 1.000.000 kroner.

Prosjekt nr 8: Bilar Helse- og omsorgssektoren

Heimesjukepleia i Vanylven er delt mellom Sone Sør og Sone Nord. Bilene som sonene disponerer pr. i dag er innkjøpt i 2018 og 2019. Totalt disponerer ein no 6 bilar.

Bilene går forholdsvis mykje pr. år, gjennomsnittlig 40 – 60.000 km pr. år pr. bil, dvs. at vedlikehaldet og driftsutgifta aukar monaleg med års bruk. For at bilparken ikkje skal verte for gamal og med stort vedlikehald, bør ein i denne omgang kome inn i ein rutine der ein bytter ut bilene med ein bil kvart år. For å kome inn i ei god ordning, føreslår vi i denne samanheng at det vert investert i ein ny bil pr. år. I 2021 vart det ikkje budsjettert med kjøp av bil.

Ut frå ei totalvurdering bør det investerast i 1 ny bil i 2023 og vidare ein pr. år i tida framover. Nye bilar vil gje betre arbeidsmiljø og mindre driftsutgifter dei komande åra.

Vanylven kommune har rammeavtale for kjøp av denne type bilar. Det vert budsjettert med 500.000 i 2023, fram til og med 2025.

Prosjekt nr 9: St Jetmund: Gravplass

Det vert vist til kommunestyrevedtak i sak 31/2015: «Kommunestyret syner til utgreiinga frå Gullik Gulliksen Landskapsarkitekter AS- alternativ C og tek denne til vitande. Vanylven kommune set snarast i gong utbygging av gravfelt C med 66 kistegravar og 48 urnegravar med ein totalsum på kr 3.500.000,-.»

Finansieringsbehovet er nok minst 4 million når prosjektet vert sett i gong. Det vert føresett at det vert fremja ei sak der ein legg fram eit oppdatert kostnadsoverslag. For at prosjektet skal kunne startast opp må reguleringsplan Åheim sentrum vere ferdig regulert.

Det er sett av kr. 4 mill. i 2023 til prosjektet.

Prosjekt nr 10: Renovering kyrkjebygg

Det er krevjande å drifte og vedlikehalde kyrkjer og gravplassar.

Tilkomsten til vedlike vert ein ikkje ferdig med, og i år er det desse sakene som treng prioriterast:

1. Skifte undertak på Rovde kyrkje

Det har i løpet av det siste året falle ned heller frå taket på kyrkja. Dette gjer at det ikkje er trygt å gå utanfor kyrkja, då ein kan få ei skiferhelle i hovudet. Då ein skulle feste opp igjen den første taksteinen vart det oppdaga at undertaket er råte. Det er vanskeleg å klare å feste taksteinane som fell ned fordi det ikkje lenger er feste i undertaket. Grunna tilstanden til taket er det særskild viktig at ein får midlar til utbetre dette, elles vil kyrkja komme til skade.

Fagfolk har ikkje rukke å komme med stipulert pris på prosjektet enda.

2. Vanylven kyrkje

Kyrkja vart delvis restaurert/ måla i 2016- 2017. Det står att å måle tårnet, og mineralpuss på sør- og nordveggen. Begge veggane på kyrkja treng ny mineralpuss då dei er svært slitne.

Estimert kostnad: 350 000,-

3. Åram kyrkje

Det er behov for å skifte belg og diverse andre delar på orgelet i Åram kyrkje.

I følgje fagfolk har dette ein estimert kostnad på kr 170000,-

I tenesteavtalen som Vanylven kyrkjelege fellelråd har inngått med Vanylven kommune, ligg desse prosjekta utanfor kyrkjebygga og høyrer difor til uteområdet. Her er det særleg desse manglane som bør gjerast noko med:

1. Klokketårnet på Fiskå gravplass

Klokketårnet er i dårleg stand, og kan ikkje brukast. Det er difor nødvendig med utbetring.

2. Kjølerrummet på Fiskå gravplass

Kjølerrummet på Fiskå gravplass er i ustand og kan difor ikkje brukast. Det er difor nødvendig med utbetring for å betre kapasiteten i kommunen.

Prosjekt nr 11: Vanylven Aktivitetssenter, nytt kjøken.

Aktivitetssenteret har i lengre tid ynskt eit skikkeleg kjøkken i deira lokale.

Kjøkkenkroken som er i dag er i ferd med å falle

Vi vil byte ut alt av innreiing og kvitevarer i kjøkkenet. Golvbelegget er slitt og må bytast ut med nytt. Veggjar bør og malast/utbetrast noko. Oppussinga medfører elektrikkararbeid då her må inn nye kursar og komfyrvakt. Samt rørleggararbeider ved monteringa av aquastopp ved oppvaskmaskin og anna demontering/remontering. Det lyt også leigast inn Tømrrarar for montering av kjøkkeninnreiing.
Kostnad: kr 300.000, i 2023.

Prosjekt nr 12: Fiskå: Ny skulefløy og gymsal **KO- 55/20 Vedtak:**

1. Vanylven kommune godkjenner prosjektet. Fiskå Skule byggetrinn 2 må byggast vegg i vegg med gymsal for å spare pengar på drift og oppvarming. Til dømes felles ventilasjonsanlegg, vannbore varmeanlegg, el-tavle, el-inntak.
2. Budsjettet vert endra slik:
 - Samla byggekostnad inkl.mva, opp kr. 4.675.000 til 48.757.000,- (eks.dugnadsarbeid).
 - Spelemidlar, opp kr. 5.300.000,- til kr. 5.300.000,-
 - Tilskot frå Fiskå I.L., ned kr. 625.000,- til kr. 1.375.000,-
3. Ein føreset at utstyr og inventar vert gjenbrukt frå eksisterande bygg i størst mogleg grad, slik at ein ikkje får uforusette kostnadar i prosjektet.
4. For at lokale entreprenørar skal ha moglegheit til å delta på tilbudsrunde, vert byggetrinn 2 Fiskå Skule utlyst som delt entrepriser: Grunnarbeid, byggmasse, rørleggar, elektro.»

Prosjektet er snart ferdig planlagt, og skal leggast ut på anbod.

Samla byggekostnad og finansiering for prosjektet:

År	2022	2023	Totalt (kr)
Sum (kr)	22 000 000	22 997 600	46 997 600

Prosjekt nr 13: Renovering av Thue skule

Thue skule er eit bygg reist i tømmer med saltak sperrekonstruksjon; vidare har det skifertak, utlekte kledning og mykje vindaug. Tilstanden på bygget ber preg av alderen sin. No er taket lekk fleire stadar og konstruksjonen kan trenge forbetringar. Om ein skal ta ned eksisterande skifer for å ta opp att den

same etter at undertak er utbetra eller leggast nytt yttertak, må avklarast. No blir det teke utgangspunkt i nytt. Kledninga på bygget er komen i slik stand at det er lite forsvarleg å gå i gang med sliping og maling, samt utskifting av enkelte bord. Her trengs total utskifting av all kledning. Vindauga må her skiftast fleire, det er då mest tenleg å skifte alle saman når ein først går i gang med prosjektet. Det same gjeld pipa, denne er gammal og det er tenleg med ny, moderne pipe med tanke på på brannsikkerheit.

Totalkostnad inkl mva 1.700.000.

Tilstanden på dette bygget i dag er såpass dårleg at ein må vere førebudd på at her kan vere skjulte feil og manglar i konstruksjonen som ein ikkje klarer å fange opp under ei synfaring. Dette vil kome til syne under utføring av arbeidet. Mest sannsynlege problem vi kan møte på er mott og råteskadar på tømmerkonstruksjon og sperrekonstruksjon. Med slike skadar kan man fort passere kr 2.000.000,00 Det bør vurderast om dette er føremålstenleg å utfør i forhold til å byggje eit heilt nytt bygg til museumsdrift. Eller bruke andre kommunale bygg til denne tenesta.

Det står att kr 1.700.000 frå tidligare års budsjett. Det vart frå dette prosjektet omdisponert kr. 1,001 mill. for å fullfinansiere ny brannbil (jf. sak KO-107/21). Rest av prosjekt vert overført til 2022, kr. 699 000,-. Tilbakeføring av kr. 1,001 mill. utførast i 2023.

Prosjekt nr 14: Nytt tak på gamle Vanylven sjukeheim

Den eldre delen av det som var sjukeheimen på Fiskå slit med ein del vasselekkasjar. Dette er eit problem som vert større for kvart år som går. Mest problem har ein om vinteren med snø/slaps som blokkerer slukane slik at vatn vært ståande over tid å finn vegen gjennom takkonstruksjonen. Desse stadane er ikkje enkelt å finne når ein prøver å lappe saman dekket som er i dag. Det har no kome so langt at undertaket sviktar litt enkelte stadar. Ein må då kanskje til med større utbetringar. Merk at dette ikkje gjeld heile takflata, men at kostnadane kan eskalere fort når ein set i gang. Det bør difor takast høgde for at undertak, isolasjon og dekke på deler av takflata må bytast.

Det er nødvendig med fagkyndig vurdering av tiltaket før oppstart. Vidare må ein byte det som skal til for at taket blir tett. Dette arbeidet er avhengig av fint ver i anleggsperioden, og må difor prioriterast på våren slik at ein har sommaren

framføre seg. Ein ser for seg at eit mindre område vert sperra av for brakkerigg, materialet og kran. Kostnadar er basert på tidlegare prosjekt. Dersom her må bytast undertak og isolasjon vil det verte lagt fram sak om eventuelle tilleggsøyvingar. Det vert foreslått å løyve kr. 1.500.000, inkl. mva i 2024.

Prosjekt nr 15: Vindu på Myklebust skule

Nordsida av barneskulen har mange vindauger som må bytast. Tilstanden varierar på kva stand dei er i, men til saman 28 stk bør skiftast ut. Når ein først set i gang ein slik jobb kan og bør alle bytast samtidig. På denne veggene dreiar det seg om i alt 18 stk vindauger + 2 stk i tekniske rom mot gymnastikksal, desse er litt mindre i storleik. På sørsida i same bygg der det i dag er bibliotek, dreier det seg om i alt 8 stk vindauger. Grunnen til at dei bør bytast, er dårleg vedlikehald der det har blitt slurva med malingsarbeidet i lang tid. Dei fleste vindaugskarmene har byrja få rotskadar og difor blitt punktert. På sørsida er vindauga i ok stand, men dei er eit-lags vindauger, noko som medfører stort varmetap.

Kostnad: kr 650.000 i 2022 og kr 150.000 i 2023. Løyvinga frå førre økonomiplan vert foreslått vidareført, men det er naturleg at denne løyvinga og andre løyvingar knytt til skule- og barnehagebygga vert vurderte på nytt når endeleg handsaming av skule- og barnehageplan er på plass.

Prosjekt nr 16: Renovering Åheim skule

Grunna vanskar med å få firma til å ta på seg delar av prosjektet, har ein måtta flytta pengar framfor seg frå eitt år til neste.

I lengre tid har ein på skulen vore plaga med kalkutslag på murane både utvendig og innvendig. Verst plaga er austveggen på gymnastikksalen og symjehallen. Dette medfører at malinga sprekk og dett av. Noko som er både skjemmande utsjånadsmessig, men også skummelt med tanke på svekkingar i konstruksjonen når vatn kan trenge inn i veggane. Slik situasjonen er i dag, blir desse murane mala kvart år. Dette går ut over tida ein kunne brukt på å male og vedlikehalde andre ting som treng det like mykje. I dei delane det er trekonstruksjonar er det også brukt små mengder eternitplater som no har byrja smuldre opp. Her er også gammal trekledning som er kome i slik stand at det må bytast ut. Vindauga i seg sjølv er no såpass gamle at dei er klare for utskifting, mange av dei er punkterte og har rotskadar i karmene. Enkelte kan ein ikkje lenger opnast og lukkast på vanleg måte.

Ser ein på skulen som heilskap, er her mykje meir enn nemnde veggjar som treng oppussing. Sør- og vestveggane på sløydsal, nordvegg gymfløy og sørvegg gymfløy. I utrekninga har det blitt sett på dei veggane som ser dårlegast ut. Her er også meir enn det som kjem fram i kostnadskalkylen. I kalkylen er det blitt rekna på kostnadar ved utskifting av alle vindauger og all kledning. Man har og sett på kostnadar ved å lekte ut eller fore fram veggane og etterisolere for så å kle med vedlikehaldsfrie plater. For å stoppe forfallet bør ein i stor grad kle inne betongveggane med beskyttande materiale. Dette for å sleppe vedlikehald og maling. Ein vil då normalt ha veggjar som ikkje treng vedlikehald på 20-30 år. Veggane med trevirke er også slitt og man ser for seg at ein kan kle også desse i same materiale som betongveggane. Vindauga i denne delen av bygget er aldri vore skifta og ber preg av dette, då mange har blitt punkterte og man ser tydeleg rotskadar rundt karmene. Viss ein først byrjar å byte mange vindauger, bør ein sjå verdien av å byte alle på ein vegg når det først blir sett i verk tiltak med dette, i tillegg etterisolere veggane. Man må vurdere gevinsten ved å etterisolere ytterveggjar må vurderast, når ein har mogelegheita til det ut frå det som blir spart i straum. Ved å kle veggane med bestandige materialar, vil ein spare pengar og tid til vedlikehald av veggane i eit lenger perspektiv. Om ein også får etterisolert veggane vil det kunne sparast pengar til oppvarming av bygningsmassen. Ved å skifte vindauga med nye som er betre isolerte, vil dette kunne oppnåast. Ved å utføre desse tiltaka, vil ein ha veggjar som vonleg ikkje treng vedlikehald dei neste 30 åra. Ved å utføre ovannemnde tiltak vil ein ikkje berre spare seg tid og pengar til vedlikehald og straum, ein vil også oppnå eit løft for skulen sin utsjånad, med eit betre inntrykk av skulen. Løyvinga frå førre økonomiplan vert foreslått vidareført, og det blir satt opp 1.300.000 ekstra i 2022. Det er naturleg at denne løyvinga og andre løyvingar knytt til skule- og barnehagebygga vert vurderte på nytt når endeleg handsaming av skule- og barnehageplan er på plass.

Prosjekt 17: Solskjerming kjøkken

Det er estimert at prisen for dette blir kr 250.000.

Prosjekt nr 18: Ymse vegutbetring

I denne investeringsposten er det siste året sett av 1,2 mill kr. Vedlikehaldstakta må haldast vedlike for at kvaliteten på dei kommunale vegane ikkje skal verte ringare enn den er i dag.

Vegkvaliteten vert betre med ny veg, og ein brukar mindre tid til kommunal vedlikehald (mindre tid til skraping, mindre grusing av veg og asfaltlapping og færre vasskadar på veg). Brøyting og kosting av innleigde kontraktørar vert samstundes lettare å utføre og av betre kvalitet, grunna jamnare veg, sterkare veg og veg med betre linjeføring.

I forslag til økonomiplan ligg det inne 2.080.000kr i 2022, deretter ei årlig investering på kr 1.200.000.

Prosjekt nr 19: Trafikksikring

Fylket har kvart år midlar som kommunane kan søke på for finansiering av trafikktryggingssjersjekt. Det er i vedteken økonomiplan for Møre og Romsdal fylkeskommune for 2019-2022 å sette av kr 8 455 000,- i 2020 til posten trafikktryggingssjersjmidlar. Kommunane kan søkje om midlar til ei 50/50 % finansiering av trafikktryggingstiltak i kommunal regi. Pengane blir fordelt av Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal. Dette utvalet har ansvar for saker innan generell samferdselspolitikk, fylkesvegar, transportsystem og kollektivtransport i Møre og Romsdal Fylke. Kommunestyret vedtok kommunedelplan Trafikktryggingssjersjplan 2019-2022 i møte 03.09.2019 i sak KO16/19. Det blir føreslått at det skal løyvast kr. 200 000,- kvart år frå 2022-2025 for prioriterte tiltak i denne planen.

Prosjekt nr 20: Fiskå: Gang- og sykkelveg på Tunheim

Løyvinga på kr 300.000 har stått i budsjettet i fleire år og må vidareførast om sjersjektet skal gjennomførast. Framdrifta til gangvegssjersjektet på Tunheim er usikker grunna manglande finansiering frå fylkeskommunen. Dette gjer det vanskeleg å seie om når bygging av gangvegen kan starte opp. Sjersjektet er budsjettetert i 2023.

Prosjekt nr 21: Kartsamarbeid Søre Sunnmøre

Viser til Geovekstavtale for ytre Sunnmøre datert 12.03.2020 når det gjeld oppdatering og vedlikehald av kart for perioden 2020-2023. I avtalen har kommunen er forplikta seg å inngå i eit samarbeid når det gjeld ny kartlegging kvart 4 år. Her vert ortofoto fornya og FKB kartdata ajourføring. Kostnadane er for Vanylven kommune er stipulert til ca. 300 000,- inkl. mva. i denne perioden. Føreslår at føggjande vert avsett i investeringsbudsjettet for:

2022: kr. 142 000,- - 2023: kr. 150 000,-

Prosjekt nr 22: Vaktbil brann

Vaktbil som brann nyttar i vakta er frå 2010,

og det har vore mykje feil og reparasjonar med den dei siste fem åra. Det blir tilrådd å bytte dette utrykkingsfartøyet. Det er avsett kr. 500 000,- i 2023 til ny vaktbrannbil.

Prosjekt nr 23: Vaskemaskin brann

Brann har hatt mange år hatt behov for ei spesialvaskemaskin for reingjering og impregnering av brannkleda dei nyttar, og spesielt etter brann for fjerning av sot. Sot er påvist kreftkallande, og er derfor viktig å fjerne frå brannkleda. I dag vert kleda transportert til Brannvesen i Måløy, som reingjer kleda. Dette er ein tidkrevjande prosess i samband med koordinering for levering og henting, og føresett per dato at brann har konstabel som tilfeldig jobbar i Måløy. Ei slik spesialvaskemaskin kostar per dato kr. 250 000, og tek 3 sett av kleder per vask. Det er sett av kr. 250 000,- i 2023 til ny vaskemaskin.

Prosjekt nr 24: Branngarasje

Kommunen fekk ny brannbil i 2021. Dette har gjort at branngarasjen har blitt for liten, og redningsbil for helseoppdrag må stå ute. Dette er uheldig i periodar bil må nedtinast og snømåkast ved hasteoppdrag. Noko som medføre bruk av andre utrykkingsbilar som ikkje er godt nok rigga for oppdraget. Ny garasje vert sett opp vest for brannstasjon.

Det er sett av kr. 500 000,- i 2022 til ny branngarasje.

Prosjekt nr 25: Kantklippar

Kommunen hyrer entreprenør for utføre årleg kantslått langs kommunal veg, som utgjer 6,9 mil. Dette arbeidet kosta i 2021 kr. 110 000,-. Arbeidet kan kommunen utføre sjølv, som vil gje innsparing. Det er avsett kr. 500 000,- i 2022 til kantklippar.

Prosjekt nr 26: Lastebil

Lastebil (VW Crafter) er over 10 år, og er moden for utskifting. Lastebil vert nytta til transport av av kyrkje graveutstyr, gravemaskin, byggmateriale, avfallsdunkar, slamsekkar o.a. Trekking av hengar med minigravar er ikkje lastebilen godkjent for. Berre to er sertifiserte å køyre denne bilen dag. Det bør investere i ny lastebil med kran, som kan trekke naudsynt utstyr (3500kg) og kan køyrast på vanleg C1 førarkort. Det er sett av kr 750 00 i 2024 til lastebil.

Prosjekt nr 27: Traktor

Teknisk sin traktor er 9 år, og er moden for utskifting. Den er ikkje god å bruke i belastande arbeid med mange start og stopp, som stikkesetting og kantslått. Det er avsett kr. 1,3 millionar i 2024 til traktor.

Prosjekt nr 28: Kostemaskin

Kosting langs kommunal veg etter vinterstrøing kosta i 2021 kr. 130 000,-. Ved innkjøp av eigen kostemaskin, vil teknisk kunne gjere dette arbeidet sjølv, som vil gje ei årleg innsparing på drift. Det er avsett kr. 300 000,- i 2022 til ny kostemaskin.

Prosjekt nr 29: Robotklipparar

Teknisk nyttar innleigd og eiga arbeidskraft for å slå kommunen sitt grøntområde. Kjøp av robotklipparar til teknisk vil redusere bruk av innleigd arbeidskraft. I ei tid med vekst av robotisering av private grøntanlegg og husvære er det naturleg at også teknisk prøvar ut slikt utstyr for å hauste erfaring. Det er avsett kr 120 000 i 2022 til robotklipparar.

Prosjekt nr 30: Pumpestasjon ved Åheim barnehage

Eksisterande avløpspumpestasjon ved Åheim barnehage er utsliten og har dårlege driftsforhold. Ny pumpestasjon med hus bør erstatte denne stasjonen, som er nedgravd i bakken.

Sum	700 000,-
------------	------------------

Prosjekt nr 31: Fiskå, avløpsledning Tunheim

Fylkeskommunen arbeider med planer for gangveg på Tunheim. I den samanheng må kommunen legge om eksisterande vassledning på Tunheim. Under Vegvesenet sitt informasjonsmøte på Fiskå i 2018 om ny gangveg, blei det ytra forslag om samtidig å legge fram kommunalt avløpsanlegg.

Framdrifta til gangvegprosjektet på Tunheim er usikker grunna manglande finansiering frå fylkeskommunen. Dette gjer det vanskeleg å seie om når bygging av avløpsanlegg kan starte opp. Arbeidet kan tidlegast starte opp i 2023. Kostnad omlag kr 700.000.

Prosjekt nr 32: Syvde: Avløpsanlegg Lendalen

Eksisterande felles ledning for overvatn og avløp i Lendalen i Syvde gjev store mengder overvatn til pumpestasjon på Notaplassen og til sist kommunalt silanlegg bak Coop. Dette medfører høge driftskostnadar på pumpe og reinseanlegg for betening av avløpstilsmussa overvatn.

Administrasjonen til rår at overvatnet i fellesleidninga vert separert med spillvatnet her, at det blir opparbeidd eit nytt spillvassanlegg, som fører ureinsa avløp til pumpeanlegg, medan reint overvatnet går direkte til Syvdefjorden. Kostnad ca kr 700.000. Driftskostnadane på pumpeanlegg og reinseanlegg i Syvde vert vesentleg redusert, når overvatn vert fjerna frå avløpet i Lendalen.

Prosjekt nr 33: Ymse avløp

Vanylven kommune har fleire mindre oppdrag for standardheving av kommunale avløpsanlegg:

1. Avløp Myrset (Fiskå), separasjon av spill- og overvatn, for å redusere belastning på avløpsreinseanlegg på Hopeigna, samt unngå overløp. kr. 230 000,- eks. mva.
2. Slamavskiljar Hardbakkvegen, standarheving av eksisterande avløpsanlegg. Kr. 300 000,- eks. mva.
3. Kommunale felleskummar for avløp og vatn skal fornyast. Kommunen har ei rekkje felles kummar for vatn og avløp som bør skiljast med omsyn til fare for innlekking. Kr. 300 000,- eks. mva.

Dette er utgifter som vert lagt i budsjettet til renovasjon, noko som igjen går under sjølvkostsystemet. Eit meir eller mindreforbruk på kostnadane ved avfallsinnettinga vil då syne att på dei kommunale avgiftene for renovasjon.

Den bilen som ein allereie har, vert sett som reservebil når ny bil kjem til. Denne kan då nyttast som reservebil også for andre kommunar rundt oss. Slik vil ein også få inn inntekter på denne.

Prosjekt nr 34: Ny vassledning i Syltedalen

I 2019 vart det i investeringsbudsjettet avsett kr. 100 000,- til prosjekt Vassledning Syltefjord (nr. 70127) til planlegging. Løyving i 2022 kr 1.500.000.

Prosjekt nr 35: Ny vassledning Tunheim

Fylkeskommunen arbeider med planer for Gangveg på Tunheim. I den samanheng må eksisterande vassledning på Tunheim omleggast og vert rehabilitert. Det er i 2019 av sett i prosjekt Kostnad kr 950.000. Budsjettet i 2023

Prosjekt nr 36: SD-anlegg

Overvakning av tekniske vassanlegg med vassmengdemålar og trykkmålar er viktig for å finne lekkasjepunkt og ha god anleggskontroll m.o.t vassforbruk, kapasitet og økonomi. Driftskostnadane vert lågare ved god vassforbrukskontroll. Bruk av CO₂ og marmor vert styrt av vassforbruket. God vassforbrukskontroll vil betre kapasiteten til vassrenseanlegget til Vanylven kommune ved vidare utbygging. Tilråd at det vert avsett kr. 300 000,- eks mva i 2022 og 500 000,- for kvart år i resten av økonomiplanperioden.

Prosjekt nr 37: VA Eidså sentrum

Eidså sentrum har eldre vassleidning i eternitt, som dei siste åra har hatt større kompliserte vasslekkasjar. Anlegget treng har rehabiliterast. I samband med eit slikt prosjekt bør også avløpsanlegget i dette området fornyast og separerast. Avløpet ser ein føre seg blir pumpa til eksisterande renseanlegg (slamavskiljar) ved Eidså Sag.

Prosjektet er budsjettert med kr. 100 000,- i 2023 og 3 400 000,- i 2024.

Prosjekt 38: Containarar Renovasjon

Det må investerast i nye containarar på miljøstasjonen grunna hol i dei gamle, som gjer at papir og anna ikkje kan resirkulerast.

Nye containarar (3 stk) blir forventa å koste 100 000kr per container, slik at total investeringskostnad blir 300 000,- i 2022.

Prosjekt nr 39: EK-tilskot til

Kommunal Landspensjonskasse (KLP)


Eigarkommunane i KLP må sikre at eigenkapitalen i selskapet er i samsvar med lovverket sine krav. Dette inneber at ein siste åra har måtta betale inn ein sum utover pensjonspremien som skal gå til å styrke eigenkapitalen. Dette eigenkapitaltilskotet er å sjå på som ein eigendel i KLP og skal derfor bokførast i investeringsbudsjettet. Beløpet som vart innkravd i 2019 var på om lag 935.000 kroner med årleg auke på omlag 20.000 kroner. Investeringa kan ikkje finansierast med lån. Det vert føreslått at dette vert finansiert med tomtosal eller anna sal av kommunale anlegg/eigendelar.

Prosjekt nr 40: Startlån


Det vert foreslått å låne inn 3 millionar kroner årleg frå Husbanken. Midlane skal brukast til utlån av startlån for innbyggjarar til bruk til finansiering ved kjøp eller bygging av eigen bustad. I budsjettet ligg

også årleg avdragsinnbetaling frå låntakarane samt tilsvarende sum som kommunen sine avdrag til Husbanken på låna.


Betalte renter/avdrag i forhold til totale inntekter




Netto driftsresultat i forhold til totale inntekter




Lånegjeld i forhold til totale inntekter



Disposisjonsfond i forhold til totale inntekter



Organisasjonskart



OMLAND - Vanylven i regionen

Statistikk skal gi riktig og viktig informasjon om korleis det står til i kommunane, det gir kunnskap og forståing for mangfaldet i regionen. For å kunne prioritere og gjere val for framtida må ein kjenne til status og korleis utviklinga har vore. Statistikken på desse sidene er henta frå Møre og Romsdal fylkeskommune sin fylkesstatistikk 2021, fleire detaljar kan lesast på fylkesstatistikk.mrfylke.no/2019.


Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal 2010–2020

Kjelde: SSB

- Vekst > +10,0 prosent
- Vekst +5,0 til +10,0 prosent
- Vekst 0,0 til +4,9 prosent
- Nedgang -0,1 til -4,9 prosent
- Nedgang -5,0 prosent >

Møre og Romsdal 6,6 prosent
Landet 10,5 prosent

Gemeinsamtingar og kun medlemsra i 2020 tala.




Demografi

Folketalsutvikling per grunnkrets 2015 til 2020


Folketalsutvikling i Vanylven kommune

- Nedgang
- Ingen endring
- Vekst



Grunnkrets	Folketal			
	Nummer	2020	Endring frå 2010	Endring frå 2015
15110102	Fiskå	489	104	64
15110107	Åheim	326	-44	-24
15110205	Vik	199	-55	-32
15110104	Tunheim	193	-35	-35
15110204	Myklebust	187	-8	1
15110302	Hakallestranda	185	-27	-14
15110108	Thue	164	-7	7
15110208	Rovde	151	-26	1
15110106	Slagnes	148	-5	-19
15110105	Sylte	136	-4	-8
15110103	Eide	134	-39	-22
15110101	Nordstranda	127	-21	-5
15110202	Eidså	120	-19	2
15110209	Sundnes	98	-64	-15
15110207	Skår - Eikrem	97	-18	4
15110109	Gusdal	91	-38	-17
15110201	Øyra	82	-13	2
15110301	Sørbrandal	70	-15	-14
15110203	Løset	62	-16	-9
15110206	Nordal	57	-5	2


Vanylven, folketalsutvikling, 2005-2020



Sysselsettingsutvikling i Møre og Romsdal 2018 - 2019

- Vekst > +5,0 prosent
- Vekst 0,0 til +4,9 prosent
- Nedgang -0,1 til -1,5 prosent
- Nedgang -1,5 til -3,0 prosent
- Nedgang -3,0 prosent >


Møre og Romsdal -0,4 prosent
Landet 0,9 prosent



*) Tenester tilknyttet olje- og gassnæringa på sokkelen er no registrert på landkode


Næringsstruktur i Møre og Romsdal

- Maritim klynge
- Petroleum
- Prosessindustrien
- Fiskeri / Havbruk
- Møbel / Trevare
- Landbruksbasert næringsverksemd
- Bergverk / Stein / Mineral
- Tekstil / konfeksjon
- Reiseliv




- Nasjonalt tyngdepunkt
- Tyngdepunkt i fylket
- ☆ Mindre konsentrasjon

Inn- og utpendling, hovudstraumar 2019, sortert etter tal innpendlarar



Inn- og utpendling, hovudstraumar 2019, sortert etter tal utpendlarar



Fagområda og avdelingane

STAB

Dokument og politisk sekretariat

Dokument og politisk sekretariat syter for dokumentfangst og ivaretaking av dokumentasjonskrav for heile organisasjonen. Etter overgang frå ePhorte til Acos websak har det vorte eit auka trykk på området, då ei no i langt større grad har høve til å fange opp dokumentasjon lenger ut i organisasjonen enn berre på rådhuset, med langt fleire brukarar enn i ephorte. Det vert arbeidd med ei langt større samhandling mellom sektorane.

Lønn og personal

Lønn og personal yter oppgåver knytt til løn, bistand til oppfølging av sjukmelde og i høve personalfaglege saker for heile organisasjonen. Ei lita avdeling gjer kommunen svært sårbar når det kjem til fråvær, og det vert naudsynt å sikre ei tryggare ivaretaking av desse sentrale oppgåvene i tida som kjem.

Servicetorg

Servicetorget er førstelinjetenesta til kommunen og ivaretek også eit interkommunalt sentralbord som dekkjer nærare 25 000 innbyggjarar. Informasjonsbehovet og systematisering av korleis kommunen kommuniserer utad har vorte stadig meir viktig, og det vert arbeidd aktivt med å sikre ei god koordinering for heile organisasjonen.

Økonomi

Økonomiavdelinga utfører oppgåver knytt til rekneskap, budsjett og anna økonomistyring.

Stab arbeider aktivt for å redusere manuelle arbeidsoppgåver og det er truleg eit potensiale for effektivisering innanfor fagområdet. Arbeidet utvikling og effektivisering skjer i nært samarbeid med dei andre seks kommunane i regionen. Ein må også framover vurdere om det er ei hensiktsmessig oppgåvefordeling mellom økonomiavdelinga og dei tenesteytande avdelingane i kommunen.

TEKNISK

Eigedomsforvaltning

Vanylven helse- og omsorgssenter genererer noko auke i driftskostnadar med grunnlag i auka arealbruk. Økonomisk er det nødvendig at det kjem gode løysingar på bygg som vert nedlagd med kommunal aktivitet, slik at bygga ikkje vert ståande som ein stor utgiftspost. Sal eller utleige vil vere gode alternativ i denne samanheng. Utfordringar med reduserte inntekter på den vidaregåande skulen etter at fylkeskommunen la ned dette tilbodet.

Brannvern

Budsjettframlegget for brannvernet er sett opp nøkternt. Sidan kommunen er pålagd å ha eit fungerande brannvern, ser ikkje sektoren at vi kan få forbruket på årsbasis særleg mykje meir ned. Vi har nytta mykje ressursar til opplæring, grunna mange nye inn i korpset og alle er pålagde å ta grunnkurs.

Kommunale vegar

Det har vore nytta mykje til snøbrøyting i 2021, medan budsjettet er sett opp med lite rom for mykje snø. Men på ettervinteren kan forholda for snø vere variable og med strøing, og dette er ei utfordring å budsjettere for. Det er ikkje lagd til for prisauke påvegvedlikehaldet.

VAR-områda

VAR- områda skal vere sjølvfinansierande. Innanfor sektoren sitt arbeidsfelt er aktiviteten høg med mange forskjellige ansvarsområde. Talet på bygge- og delingssaker er på nivå som tidlegare år. Reguleringsplanarbeidet går etter prioritert liste frå kommunestyret.

HELSE OG OMSORG

Fellesavdelinga Eli Tefre Nordal

Består av overordna leiing og administrasjon av Tynnaknuten dagaktivitetstilbod. Nokre fellesposter for heile sektoren. Pådrivar i utviklingsprosjekt, for 2022 kvar dagsmeistring/pasientforløp og velferdsteknologi. Prosjekt for ambulant team barn og unge.

Legeavdelinga kommuneoverlege: Cecilie Lillejord Oppedal

Består av legekontor og legevakt. Vanylven har eiga legevakt på grunn av geografien. Vi er ein av få kommunar som greier å få til dette. Budsjettert etter dagens drift. Har pr. i dag 4 legar i Vanylven, dette treng vi å ha for å kunne oppretthalde legevakta.

Stenbakken leiar: Jens Erling Lillebø

Stenbakken sysselset personar som har lovpålagde tenester, og som har behov for eit arbeids- og aktivitetstilbod. Stenbakken har teke over det praktiske arbeidet med hjelpemidlar og digitale tryggleiksalarmar. Der er omlag 15 brukarar som får tilbod om arbeid og aktivitet til ei variert brukargruppe. Behovet for dette tilbodet vert stadig bekrefta. I tillegg til alle arbeidsoppgåver som vert ytt i produksjon og tenester. Å klare å kombinere dette med tilrettelagt arbeid gjer at ein kan nytte dei tilgjengelige ressursane på best mogleg måte.

NAV (samarbeid Herøy)

Består av Vanylven sin del av NAV Herøy og Vanylven. NAV har integrerte kommunale og statlege tenester. Målsettinga er å få folk ut i arbeid. Yter også økonomisk sosialhjelp, naudhjelp, naudbustad samt særlege tiltak til rusmiddelbrukarar. Budsjettert utifrå dagens behov.

Vanylven helse- og omsorgssenter, avd 2 leiar: Katrin Sunde

Vanylven helse og omsorgssenter har to avdelinger. Avdeling 2 har 25 plasser fordelt på 16 langtidsplasser der 8 av plasser er for demente. I tillegg har avdelinga 1 akutt plass, 2 palliative plasser og 6 korttids plasser. Avdelinga mottar pasienter direkte frå sjukehus for opptrening og rehabilitering.

Vanylven helse- og omsorgssenter, avd 3 leiar: Rose-Mari Nygård

Består av 26 institusjonsplassar på helse og omsorgssenteret, inkludert 9 plassar for demente. Brukarane har blitt meir ressurskrevjande og blir skrevne ut tidlegare frå sjukehus. Langtids- og korttidsopphald. Det blir fleire og fleire demente. Har no ei gruppe på 9 som er tilrettelagd for demente, kan bli behov for å utvide. Har starta med refleksjonsgrupper, det er positivt. Har noko betre sjukepleiedekning no. Det er framleis behov for meir faglært personale i framtida.

Heimetenesta

leiar: Karoline Lundås

Består av heimesjukepleie og praktisk bistand for heile kommunen, som var etablert 1. oktober 2021 etter samanslåing av sone Nord og Sone Sør. Dette var eitt av tiltaka for budsjettet 2021, som var vedteke og som var gjennomført og effekten av innsparinga kjem i 2022 og fullt ut i 2023.

Førebygging og rehabilitering

leiar: Solveig Menes

Består av bustader for brukarar med særlege behov innan psykisk helse, fysioterapi, frisklivssentral, hjelpemidlar, psykisk helse, rus, bustadsosialt arbeid, dagtilbod til eldre, demente og psykisk helse. Avdelinga har eigen oljeturnus til nokre brukarar. Det er no planlagt å bytte ut oljeturnus med alternativ langturnus. Har BPA brukarstyrt personleg assistent, med eige personale. Har vore aukande behov siste åra. Fleire yngre brukarar og familiar. Nytt tiltak med døgnbemanning oppretta i slutten av november. Budsjettetert som i 2019.

Bu- og avlastning

leiar: Anne May Sætrevik

Består av butilbod på Utsikta og omsorgssenteret til funksjonhemma, avlastningstilbod til funksjonshemma samt aktivitetstilbod på Aktivitetssenteret. Mange brukarar med store behov i denne avdelinga. Budsjettetert utifrå dagens behov. For økonomiplan 2020 bør avdeling Bu og avlastning prioritere tilrettelagt bustad med eigen innebygd hage, samt kurse personale i handtering av vold og truslar. Vi har tvangsvedtak som krev kompetansen 3 årig utdanning. Avdelinga har store utfordringar med vold og trusler. Dette gjer det utfordrande å få tak i personale som er villige til å stå i desse utfordringane. Mangel på folk fører til overforbruk på overtid, som igjen kan gi slitasje på personale. Ein bør ha fokus på å dekke opp vakante/vikariat stillingar med rett kompetanse.

Vanylven helse- og omsorgssenter, avd 2

leiar: Hanne Øren

Kjøkkenet lagar mat til brukarane på institusjon, samt i heimebasert omsorg. Både middagsutkøyring og tørrmat til dei som treng det. Kjøkkenet lager næringsrik mat. Det blir servert frukost, middag, kaffe, kveldsmat og seinmåltid med evt. suppe. Utfordringar med å få tak i nok bemanning.

KULTUR OG OPPVEKST

Åheim skule
rektor: Lars Jonasmo

Åheim skule har godt kvalifiserte pedagogar, og mange av assistentane har fagbrev innan barne- og ungdomsarbeidarfaget. Systematisk tenking i høve til fagleg og sosial læring pregar skulen vår. Det er god kontakt mellom skulen og barnehagen for å gje komande førsteklassingar ein god start på det 13-årige skuleløpet dei skal til på. Med dei ressursane vi har hatt til rådvelde kan vi følgje elevane våre tett opp frå dei startar i første klasse til dei går ut av 10.klasse. Å ha fokus på tidleg innsats, sette inn tilgjengelege ressursar i dei minste klassene og bruke desse på ein god og fleksibel måte, gjer at vi no kan sjå gode resultat lenger oppe i klassene. Samanhengar og ein raud tråd skal prege skuleløpet til elevane, og vi, saman med dei føresette, jobbar aktivt etter visjonen vår: «Eleven i sentrum for trivsel og læring». Strukturerte og fastemøtearenaer skapar eit sterkt profesjonsfellesskap. Dei siste åra har ny fagplan prega skuleutviklinga der vi har hatt fokus på overordna del, livsmeistring, djupnelæring, digitalisering og innhaldet i dei nye fagplanane. Å implementere denne nye Fagfornyinga vil ha hovudfokus også for 2022 og dei komande åra.

Myklebust skule
rektor: Janne Kristin Torvanger

Eininga har kvalifiserte pedagogar, godt fordelt mellom erfaring og nyare utdanna. Pedagogar, assistentar og reinhaldarar er dedikerte tilsette som arbeider for kvalitet i alle ledd. Relasjonar mellom elevar, mellom elev og tilsett og mellom tilsette er grunnpilaren. Føresette er ein ressurs for kvar enkelt elev og for eit godt læringsmiljø for alle på skulen. Resultat av nasjonale og lokale kartleggingsprøver, nasjonale prøver og elevundersøking blir følgt opp. Skulen har fleksible ressursar i lesing, rekning og engelsk som blir nytta inn mot einskildelevar og grupper ved behov.

Myklebust skal vere ein skule for alle, der alle elevar opplever meistring, inkludering og likeverd. Kapittel 9A i Opplæringslova er implementert og blir brukt der elevar opplever at skulekvardagen ikkje er trygg og god, uansett grunn. Hausten 2020 blei ny overordna del og Læreplan innført. Fag har fått nye ansvarsområde. Utviklingstida for pedagogane på skulen vil bli brukt til å implementere fagplanane. Det blir med dette behov for nye pedagogiske læremiddel, som digitale lisensar og læreverk. Pedagogane treng kursing og opplæring i digitale program, koding

Fiskå skule
rektor: Sylvia Baade

Fiskå skule er ein barneskule med 88 elevar frå 1.-7.klasse. På skulen vår har vi alle slags elevar med ulike evner, kompetansar og utfordringar. Vi har tilsette i ulike aldrar med god og variert kompetanse. Dei to siste åra har vi satsa på utvikling av sosial kompetanse. Sosial kompetanse er grunnleggjande for at elevane skal meistre liva sine når dei vert vaksne. Dette er også eit viktig element i den nye læreplanen. På skulen vår har vi utvikla ein eigen plan for dette, utgangspunktet er at lærarane er i klasserommet og veit kvar skoen trykker. Vi ser allereie at det sosiale miljøet på skulen har vorte betre, mobbing førekjem framleis, men vi vonar at etterkvart vil dette forsvinne.

Innføring av ny læreplan vil også verte eit satsingsområde for skulen vår. Djupnelæring, tverrfagleg samarbeid, livsmeistring, folkehelse, verdier og digitalisering vil vere nokre av punkta.

Vi har framleis ein del fråvær blant personalet. Vidare har vi og lærarar som jobbar i redusert stilling. Dette gjer det til tider utfordrande å få kvardagen til å gå opp. Plassmangel er og ei stor utfordring ved vår skule. Dette gjer at vi i år må nytte fleire klasserom som ikkje har forsvarleg luftkvalitet.

Åheim barnehage

leiar: Tove Ekremsæter

Åheim barnehage er i ferd med å implementere den nye rammeplanen. Dette er eit omfattande arbeid, men vi har tilsette med god fagleg og erfaringsbasert kompetanse. Dei tilsette er vår viktigaste ressurs og dei leverer eit godt pedagogisk tilbod i tråd med lov og rammeverk og i høve våre økonomiske rammer. Hovudsatsingsområdet vårt er inkluderande barnehagemiljø, med fokus på sosial kompetanse og språk. Vi har gode resultat på brukar- og medarbeidarundersøkingar, og sjukefråversprosenten har gått veldig ned siste året. Vi har mål om at dette held seg lågt vidare inn i 2022, då stabilt personell er særskilt viktig i høve dei minste borna, og for kontinuiteten i arbeidet vårt. I barnehagen vår har vi fått bygd ein flott gapahuk på uteområdet og nytt vognskur. Foreldrerådet har kjøpt ny sklie og vippedyr og sett desse opp på dugnad. Barnehagane i Vanylven samarbeider i utarbeiding av ein lokal variant av rammeplanen. Dette arbeidet ver ferdig i år og har blitt godkjent i kommunestyret. Barnetalet har gått litt ned siste åra, så bemanninga er blitt redusert. Åheim barnehage gjev no tilbod til 19 barn. Dette talet vil truleg auke til neste år.

Syvde barnehage

leiar: Ingvil Lillebø Slettestøl

I Syvde barnehage har vi dyktige barnehagelærarar noko som eg heilt klart ser er ein styrke for fagmiljøet i barnehagen. Barnehagelærarane utgjer ein stor andel av den totale bemanninga og deira kompetanse på barn og barn i gruppe er avgjerande for kvaliteten i barnehagen. Vi har faste teammøte kvar veke, der både møtestruktur, møtekultur, fagleg utvikling og refleksjoner har stort fokus. Barnehagen har dyktige, engasjerte pedagogar som jobbar målretta og strukturert med læringsmiljøet i barnehagen. Syvde barnehage har og vil framover ha fokus på:

Å skape trygge barn med gode relasjonar til andre, noko som er ein av dei viktigaste grunnpilarane i eit livslangt læringsløp. Praktisere tydelege verdiar og felles haldningar noko som er eit fundament for eit godt psykososialt læringsmiljø. Barnehagen har tilsette med mykje erfaring og barnehagefagleg kompetanse noko som gjev oss gode føresetnader for å kunne møte framtidens krav og føringer om å vere tett på, tenkje tidleg innsats og utvikle eit godt og inkluderande læringsmiljø. For oss vil det vere viktig å ta vare på og behalde all den kompetanse vi har slik at vi kan klare å innfri alle dei høge forventningane som kjem til å bli stillt til barnehagen framover.

Tal barn som har auka siste året og vi meiner å sjå at dette er glade barn som trivst. Vi har fokus på godt og tett foreldresamarbeid og legg tilrette for stor grad av foreldremedverknad på innhaldet i barnehagen til barna sitt beste.

Vaksenopplæringa/vikarbanken

leiar: Lars Jonasmo

I gjennom åra har vaksenopplæringa opparbeidd seg god kompetanse og erfaring når det gjeld opplæring av vaksne innvandrarar. Målet er var å gi elevane eit ferdigheitsnivå i norsk og samfunnskunnskap som gjer dei i stand til å kome seg ut og bygge vidare på sin kompetanse i vidare utdanning, arbeid eller samfunnslivet generelt.

Vi er i ein omstillingsperiode og arbeider no med å prøve å få til eit godt tilbod til dei som skal lære norsk samtidig som mange er i arbeid.

Vanylven folkebibliotek bibliotekar: Tim Bock

Vanylven folkebibliotek har hatt ei betydeleg auke i aktivitet, både som arrangør av kulturarrangement og i besøk og utlån. Biblioteket vert stadig meir synleg og anerkjent som eit lågterskeltilbod for folk i alle aldrar, der ein kan oppleve litteratur, kultur og samkome i eit unikt offentleg rom som stimulerar til møter på tvers av alder, kjønn, livssyn og økonomisk ståstad.

Covid-19 sette arbeidet tilbake, men vi ynskjer at biblioteket skal kome i gang med det gode arbeidet igjen, med særleg vekt på tilrettelegging for at barn og unge skal få gode opplevingar i møte med biblioteket.

Dette er sjølvstøtt utfordrande all den tid kommunen vår er som den er: vid i utstrekning. Med eitt hovudbibliotek i Syvde, og filialar på Rovde og Åram, er det fleire bygder som ikkje har bibliotek i sitt nærmiljø. Det er såleis eit mål for oss å gjere folk bevisste på at det å ta ein tur på biblioteket skal vere heilt på høgde med annan aktivitet i kvardagen, som å reise på ein idrettsaktivitet.

Kommunane kring oss har alle kulturhus der det jamnleg føregår kulturaktivitetar for alle aldersgrupper. Vanylven har ikkje eit slikt hus, men vi har eit vel fungerande og aktivt bibliotek som kan ta mål av seg å vere ein kulturinstitusjon som i stor grad strekkjer seg etter å skape kulturopplevingar for innbyggjarane i kommunen. Biblioteket verkar samlande på vanylvsfolket og scorar høgt på brukarundersøkingane.

Kulturskulen leiar: Hanne Drabløs

Kulturskulen sine lærarar har kompetanse og erfaring som rustar dei godt til jobben dei skal gjere. Vi leverer høg kvalitet på tenestene våre, og har eit breidt undervisningstilbod samanlikna med andre kulturskuler som er naturlege å samanlikne seg med. I kulturskulen jobbar vi for at elevane skal kjenne meistring og trivsel, og kulturskulen er med på å styrke barn og unge sin sjølvtilit og glede i kvardagen. Alle lærarane våre står på for å gje born og ungdom i Vanylven gode, store og djupe kulturopplevingar.

Undervisninga er i tråd med rammeplan for kulturskulen og opplæringslova, og føregår desentralisert, ved dei tre skulane i kommunen.

I 2019 starta vi eit prøveprosjekt der kulturskulen tilbyr lærarkrefter i 1.klasse i musikk. Skulane kan velje om dei vil bruke tilbodet og læraren er den same som møter borna i tilbodet vi har i barnehagane. Dette styrkar overgangen mellom skule og barnehage, sikrar fagleg kvalitet i musikkundervisning i grunnskulen, mogleggjer ein enklare arbeidskvardag for våre tilsette som får meir å gjere på dagtid og gjer at kulturskulen oppnår målet om eit tilbod til alle born i kommunen. Tidlegare har dette mangla for førsteklasingar. Det er også ein klar styrke for kultur - og oppvekstsektoren med nærare samarbeid mellom skulen og kulturskulen. Dette vil vi vidareføre og om mogleg vidareutvikle i 2022, fordi vi ser at fordelane er mange og store.

Minkande barnetal i kommunen, og dermed minkande elevtal i kulturskulen er ei utfordring. Rekruttering og informasjonsarbeid må sjåast på. Vi veit også at storgruppetilbod gjerne aukar den relative deltakinga i kulturskulen, dermed er det naturleg å vurdere gjeninnføring av tilbodet i drama/teater som fall bort i 2017. Dette avheng sjølvstøtt av ressursane vi har å råde over.

Familie og læringscenteret leiar: Oddbjørg Nordal

Etableringa av FLS er resultat av eit arbeid over omlag 2 år med kartleggingar og evalueringar undervegs. Det er utarbeidd tverrfagleg plan for barn og unge og det er jobba med eit ynskje om ein ambulerande arbeidsmåte kring brukarar med utfordringar. Vi har også hatt 0-24-samarbeidet som ein bakgrunn for arbeidet vårt. Livsløpsutvalet og ungdomsrådet har vore involverte undervegs og har vore viktige samarbeidspartar. I tillegg til fokuset på å komme tidleg inn og tett på brukarane, så jobbar FLS systemisk helsefremjande og førebyggjande for generelt å hindre uheldig utvikling og dårleg oppvekstmiljø.

Det er tilsett fire ressurspedagogar i FLS som utgjør den pedagogiske rettleiingstenesta. Desse er tilsett 50% i FLS med oppmøte på eiga eining. Dette er ei heilt ny organisering av vår PP-teneste etter nye nasjonale føringar (blant anna Stortingsmelding 6 Tett på - tidig innsats).

Barne- og ungdomsarbeidarane våre har også fokus på å bygge gode fritidsmiljø og øvingsarena for barn og unge som treng det. Dei driv blant anna MOT-arbeid, "ung kultur møtes", BUA, leksetid og ungdomsklubb. Ungdomslos har målgruppe 12 til 26 år.

Helsestasjonstenesta kom inni FLS 1.1.21 og har kommunejordmor, helestasjon 0-5 år, skulehelseteneste, helestasjonslege og helsestasjon for ungdom. I tillegg til dette kan vi tilby familierapi. Denne tenesta driv dermed helsefremjande og førebyggjande arbeid for barn og ungdom opp til 20 år.

Frå 1.1.22 vil barnevernstenesta ligge under Familie- og læringscenteret

Oppvekstkontoret/kultur leiar: Sølvi Sjøstad

Tilsette i sektoren har gjennom barnehage- og skuleåret 2021 erfart at digital kompetanse er nødvendig for å kunne drive samhandling og utviklingsarbeid i ei tid med pandemi. Den digitale utprøvinga gjennom pandemien blei eit digitalt løft for det året som gjekk. Vi treng å sjå kva som fungerte godt og som vi ønskjer å ta med oss vidare. Vanylven held fram samarbeid med Volda kommune og høgskulen i Volda i arbeidet med å implementere Fagfornyninga og Rammeplan. Kommunen har og sett i gang arbeid rundt rammeplan av SFO, arbeidet er leia frå KUOP-kontoret gjennom SFO leiarane i samarbeid med rektorane. I plan for barn og unge er språk, lesing og inkludering plukka ut som satsingsområde. Dette fordi språk og lesing er viktige faktorar for å gjennomføre skuleløpet samt verdifull kunnskap for å oppleve meistring og glede saman med vener, medelevar og seinare som tilsett i yrkesaktiv liv. Barnet si stemme og barnet si bestevurdering går som ein raud tråd gjennom heile Familie- og læringscenteret, barnehagane og skulane.

Merknader til budsjett og økonomiplan, frå råd og utval

Livsløpsutvalet

1. Driftsbudsjettet for 2022 med rammeløyving per sektor og investeringsbudsjett for 2022 med løyving per prosjekt og slik desse går fram av taldelane i budsjettdokumentet, vert godkjende.
2. Økonomiplanen for åra 2022-2025 med rammeløyvingar til drift per sektor og investeringar per prosjekt slik desse framgår av taldelane i budsjettdokumentet vert godkjende.
3. Samla låneopptak i 2022 vert 22.869.000 kroner, inklusiv kr 3.000.000 til vidareutlån av startlån.

Driftsutvalet

1. Driftsbudsjettet for 2022 med rammeløyving per sektor og investeringsbudsjett for 2022 med løyving per prosjekt og slik desse går fram av taldelane i budsjettdokumentet, vert godkjende.
2. Økonomiplanen for åra 2022-2025 med rammeløyvingar til drift per sektor og investeringar per prosjekt slik desse framgår av taldelane i budsjettdokumentet vert godkjende.
3. Samla låneopptak i 2022 vert 22.869.000 kroner, inklusiv kr 3.000.000 til vidareutlån av startlån

Eldrerådet

1. Kulturminneplanen - set av ein sum til å trykke planen, slik at dei mange som har bidrege med frivillig arbeid, samt andre interesserte, får den i prenta versjon. Eventuelt frigjere trykkefiler til sogelaga i Vanylven, i fall dei er interessert i å trykke opp.
2. Frivillegsentral - eldrerådet ber om at Vanylven kommune prioriterer etablering av ein slik sentral i løpet av vårhalvåret 2022.
3. Psykisk helse - avvente nedlegging av einskiltilbod til ein kan sjå heile tilbodet innanfor psykisk helse i samanheng. a) Evaluere Tynnaknuten, Stenbakken, Aktivitetssenteret og KOT b) Arbeidsfelleskap - ansvarleg arbeidsleiar som kan ha med seg brukarar til å utføre oppgåver med oppgradering og vedlikehaldsteneter, evt. kafedrift eller andre tenester ein har behov for i kommunen, i samarbeid med NAV, Jfr. mentorordning.

Råd for funksjonshemma

1. Driftsbudsjettet for 2022 med rammeløyving per sektor og investeringsbudsjett for 2022 med løyving per prosjekt og slik desse går fram av taldelane i budsjettdokumentet, vert godkjende med slik tillegg: Vidareføring av aktivitørstillinga på omsorgssenteret med kroner 200.000 Inndekning av tilleggsproposisjonen til statsbudsjettet 2022 og auke på 2 mrd i frie inntekter til kommunene. Der Vanylven kommune fekk kroner 2.021.000 Vidareføring av Tynnaknuten. Kroner 900.000 Inndekning av tilleggsproposisjonen til statsbudsjettet 2022 og auke på 2 mrd kroner i frie inntekter til kommunene. Der Vanylven kommune fekk kroner 2.021.000 Oppmodar om at ein arbeider systematisk for å betre samarbeidsklima for å redusere sjukefråveret.
2. Økonomiplanen for åra 2022-2025 med rammeløyvingar til drift per sektor og investeringar per prosjekt slik desse framgår av taldelane i budsjettdokumentet vert godkjende.
3. Samla låneopptak i 2022 vert 22.869.000 kroner, inklusiv kr 3.000.000 til vidareutlån av startlån.

Arbeidsmiljøutvalet

1. Driftsbudsjettet for 2022 med rammeløyving per sektor og investeringsbudsjett for 2022 med løyving per prosjekt og slik desse går fram av taldelane i budsjettdokumentet, vert godkjende.
2. Økonomiplanen for åra 2022-2025 med rammeløyvingar til drift per sektor og investeringar per prosjekt slik desse framgår av taldelane i budsjettdokumentet vert godkjende.
3. Samla låneopptak i 2022 vert 22.869.000 kroner, inklusiv kr 3.000.000 til vidareutlån av startlån.
4. Arbeidsmiljøutvalet ser at dette budsjettet vil auke arbeidspresset for heile organisasjonen, og ber om bevisst prioritering av arbeidsoppgåvene

Ordliste

FORKLARINGAR PÅ ORD OG UTTRYKK

Arealdel

Vert nytta om den overordna planen for arealbruk i kommunen, og består av rettsleg bindande kart og føresegner samt ein forklarande planomtale med konsekvensutgreiingar. Må bygge på strategiske mål i "samfunnsdelen" (sjå nedanfor).

Folketalsutvikling

Statistisk sentralbyrå sine vurderingar av folketalsutvikling framover i tid, inndelt i aldersgrupper, basert på kjente utviklingstrekk.

IA-avtalen

Intensjonsavtale for eit meir inkluderande arbeidsliv, med ei målsetjing på ein reduksjon av sjukefråvær, auke andelen av arbeidstakarar med redusert arbeidsevne i arbeidslivet og auke yrkesaktiviteten for eldre arbeidstakarar. Mål for sjukefråvær er 6,7 %

Kommunebarometeret

Kommunal Rapport si årlege rankeing av kommunane innan utvalde område, basert på KOSTRA-tal. Dette er totalplasseringa 2012 - 2016 av totalt 428 kommunar.

Kommunekompasset

KS sitt verktøy for å vurdere og måle kommunane sin praksis gjennom åtte område. For kvart område vert kommunane målt opp mot "idealkommunen".

Kommuneplan

Er saman med budsjett og økonomiplan det overordna strategiske styringsverktøyet i kommunen. Sjå "kommuneplanlegging". Det vert skilt mellom "samfunnsdel" og "arealdel" (sjå desse).

Kommuneplanlegging

Prosessar i regi av kommunen med sikte på politiske vedtak, både om strategiske mål og om meir gjennomføringsretta prioriteringar. Omgrepet gjeld i utgangspunktet alle planar som følger prosessreglane i plan- og bygningslova. Sjå også "kommuneplan" og "reguleringsplan".

KOSTRA

Står for KOmune-STat-RApportering og gir statistikk om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunane, bydelar og fylkeskommunar. Det vert gitt tal innan t.d. ulike teneste og gjer at kommunane kan samanliknast innan grupperingar.

Målekort

Oversikt på resultat og forventningar i framtida.

Planstrategi

Dokument som synleggjer korleis ein skal prioritere å nytte planleggingsressursane gjennom ein valperiode. Krav i plan- og bygningslova § 7-1 (regionalt) og § 10-1 (kommunalt)

PPT

Pedagogisk psykologisk teneste. Skal hjelpe barn, ungdom og vaksne med særlege behov eller som strevar med utviklinga.

Samfunnsdel

Vert nytta om den strategiske, tekstelege delen av kommuneplanen.

Speedmeter

Speedometer på sektorsidene syner status pr 3. kvartal 2016. Endelege tal vert presentert i årsmeldinga.

Uprenta vedlegg

Vedlegg som ikkje fylgjer saka.

Økonomiplan

Plan for bruk av pengar i ei tidsavgrensa periode.

Årshjul

Oversikt på arbeidsoppgåver og tidsfristar for eit år.